

Jutulsen

Medlemsskrift for Vågå Historielag 2008. Årgang 11.



Innhald

Årsmøteinnkalling	side	5
Årsmelding og rekneskap 2007	side	6
Program for opningsstemna 21. juli 1957	side	10
Dagningen 22.7.1957:		
Sol og stemning over opninga av bygdatunet i Vågå i går	side	12
Kristian Sveen: Prolog ved opninga av bygdetunet i Vågå	Side	16
Arnfinn Engen: Nasjonalromantikk og bygdekultur:		
Årsaker til framveksten av lokalmusea	side	18
Martinus Høgåsen: Han Ingvald Kleiven og Vågå Bygdatun	side	24
Kristian Sveen: Vågå Historielag	side	32
Ivar Teigum: Jutulheimen i Kustigholet	side	38
Ivar Kleiven: Sundstugu	side	40
Ivar Kleiven: Prestberg-Jutul'n	side	45
Knut Raastad: Jutulheimen	side	46
Gerhard Schøning: Jotul-Biærg	side	50
P. Chr. Asbjørnsen: Jutulen og Johannes Blessom	side	52
Gudbrandsdølen 4.7.1938:		
Bondestevnet i Vågå i går, 1200 samlet foran Jutulens port	side	54
Edvard Storm: Erlands Ode til Jutuls Bierget	side	56
Ola Grøslund: Jutulen	side	57
Johan Sebastian Welhaven: Jutulsbjerget	side	58

Redaktør: Knut Raastad

Framsidedfoto:

Sundstugu i Jutulheimen, truleg 1957 før Øyastugu kom opp. Foto: Kjell Andersen

Oppsett og tilrettelegging for trykk: Visus, Lom.

Trykk: Østfold Trykkeri.

Vågå Historielag

Innkalling til årsmøte i Jutulheimen onsdag 12. mars 2008 kl. 19.00.

Sakliste:

1. Val av møteleiar og ein til å skrive møteboka
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Årsmelding
4. Rekneskap
5. Innkomne saker
6. Styret gjer framlegg om vedtektsendring: Starten av § 3 ”Styre er på 3 medlemmar med personlege varamenn, alle valde på 3 år um gongen, men slik at berre ein styremedlem (med varamenn) er på valg kårt år. På fyrste og andre årsmøte går ein ut etter loddtrekning.” blir endra til ”Styre er på 5 medlemmer, alle valde på 3 år um gongen, men slik at berre eit eller to styremedlemmer er på valg kårt år. Styret skal ha 3 varamedlemmar i rangert rekkjefølgje, desse er på valg kårt år.”
7. Val av 1 styremedlem for 3 år
(ved vedtektsendring i tillegg 1 for 2 år og 1 for 1 år)
val av 1 varamedlem til styret (ved vedtektsendring 3)
val av styreleiar og nestleiar
8. Kontingent

Saker til årsmøtet må vera innkomne ei veke før møtet.

Årsmelding 2007

Jutulheimen:

I året er taket på Haugøystabburet reparert ved at det er lagt ny papp på eine sida. Parkeringsplassen er utbetra og utvida ved at det er pålagt masse som er planert og grusa. I mai var det raking, rydding, måling, oppretting skigard, haugging og klypping av kratt. Styret rettar ein stor takk til alle som har vore med på dugnader.

I 2007 kom krav om stor auke av festeavgifta for arealet i Jutulheimen, før har avgifta vore kr 135,- pr. år. Det er Statskog som forvaltar grunneigarretten på vegne av Opplysningsvesenets fond. Regulering av festeavgifta er grunngeve med verdiauke av tomta. Styret har vist til at det ikkje har vore verdiauke og at det vil verke svært urimeleg å rekne det store arealet utanom der bygningane står som tomt. Området kan neppe brukast til tomter, i kommunedelplan er området nemnd som bygningar m/særskild allmenntytteige formål. Festekontrakta frå 1957 set som vilkår at det ikkje blir lov å føre opp bustader og i samband med at Jutulporten er rekna som automatisk freda kulturminne er eit stor område av Jutulheimen bandlagt for å bli områdefreda.

Jutulheimen har vore mykje utleid til bryllaup og liknande i året som har gått, og mange har såleis fått sett og opplevd dette fine anlegget. Største eige arrangementet i 2007 var feiringa av jubileet for Jutulheimen.

Vi siterer Ola Grøsland i sagt og skrivi gjennom til'in: "Den 11. august markerte Vågå historielag at 50 år er gått sidan opninga.

Musikkforeiningane frå Lalm og Vågå gjekk i spissen for eit folketog, som rett nok ikkje talde så mange. Litt regn får ta noko av skulda for det. Derimot var over 100 til stades oppe i Jutulheimen der det var eit program i tunet framfor Sundstugu. Kristian Sveen framførte prologen han las for 50 år sida, og ellers var det festtale ved Arnfinn Engen. Ola Grøsland prata om historia til Jutulheimen, og musikkinnslaga var ved Lalm musikkforening og Vågå spel- og dansarlag. Mange sette òg pris på å sjå eit filmopptak frå opninga i 1957. Etter at Vågå historielag hadde spandert mat og drikke på dei frammøtte, var museumet ope for omvising. Mange nytta da høvet til å sjå dei rikholdige samlingane med både kunst, bruksting og våpen. Her er det mykje artig og interessant, så mange fleire burde nytte høvet til å setja seg inn i noko av historia til bygda".

På årsmøtet i april vart filmen "Fant Anne" vist, denne vart innspela på Gardsøy i 1920. Ellers hadde historielaget kveldsseto i oktober der Knut Arild Teigum viste fram og prata om gamle våpen, dette var eit svært interessant foredrag. I desember var historielaget med da Museet i Nord-Gudbrandsdal MiNG hadde arrangement for elevane på Vågåmo skule. Nær 100 var til stades og m.a. høyrde Kristian Sveen fortalde om jul i gamle dagar. MiNG hadde også eit svært vellykka arrangement i november om folkemusikk i Ottadalen der Ola Grøslund fortalte medan Leif Inge Schjølberg og Nina Furuli spelte. Tord Buggeland har fotografert figurmåling i Jutulheimen, han skal gje ut bok om dette emnet. MiNG er i ferd med å fornye registreringa av gjenstandar i Jutulheimen, slik at dette kjem inn i ny database.

Vågå historielag har ved fleire høve stilt opp som omvisarar med mange besøkande, men det er Museet i Nord-Gudbrandsdal MiNG som skal ha ansvar for omvising og museumsdrift. Sommaromvisinga til MiNG vart innskrenka til 3 veker med besøkstal 95. Styret har hatt ein prosess for å få større aktivitet i Jutulheimen, og har gjennom dette hatt mykje korrespondanse og møter med MiNG der vi har gjeve uttrykk for at vi i samarbeid kan få til meir. Dette har resultert i at MiNG har gjeve uttrykk for å ville arbeide meir for Jutulheimen. Likeeins har det vore dialog med Vågå kommune med oppfordring om å bruke Jutulheimen meir, med meir samarbeid mellom MiNG, kommune og historielag vil Jutulheimen vera ein ressurs for Vågåbygda. Styret har gjort vedtak om at Vågå kommune skal ha fri bruk av Jutulheimen for arrangement som er i kommunal regi. Styreleiaren i historielaget er samtidig Vågå kommunes representant i interimsstyret for ny museumsorganisasjon i Gudbrandsdalen., og har spesielt peikt på at det er nødvendig å ha ein desentralisert organisasjon der det er tilstadeverande representantar ved dei ulike musea. Styret i Vågå Historielag har stilt seg positive til framlagte avtaleutkast i denne nye driftsorganisasjonen Gudbrandsdal Museum as som skal overta etter MiNG.

Prestgarden

Paktarbustaden er bortleid som bustad medan låven, eldhuset og del av fjoset er bortleid til lager. Øvre høgda av låven vil bli teke i bruk til

lager/utstilling av landbruksreidskap. I året har det vore ein del mindre vedlikehald med m.a. ny utvendig kjellarlem på hovudbygningen og nye glasruter i eldhus og paktarbustad. Skjema om tilstanden til dei freda husa er sendt til fylkeskonservatoren. Det er søkt om tilskot til restaurering av stabbur m/klokkeårn, aurbu og vognskjul.

Andre eigedommar

Nedste stokken på kvilingsfjøset i Randsverk har vore i ferd med å sige ned i jorda, det er i året grave frå jord slik at forfallet er stoppa. Men det er behov for å jekke opp fleire lafter for å rette opp att bygningen slik at ikkje stokkane ligg nedpå jord. Pulløybua er bortleid som anneks til bua ved sida av. Jo Gjende-bua har omvisning ein kveld i veka om sommaren, det er Gjendesheim som står for dette.

Laget ellers

Frå årsmøtet 26.4.2007 har styret vore dette:

Knut Raastad styreleiar	Ivar Aasgaard varamedlem
Georg Gjevre nestleiar	Sigmund Ryen varamedlem
Reidun Sønstelién styremedlem	Inger Gundersen varamedlem

Årsmøtet gjorde vedtak om at dette året skulle også varamedlemmane fungere som styremedlemmar. Det har i året vore sju styremøte. Laget har 441 medlemmar.

Høvelbenken etter Ola Eide er innkøpt for å ha til felemakarverkstaden. Frå Klones v/Ivar Vistekleiven har historielaget fått ljusbilder om vatning etter Otto Runningen. Bygdakvinnelaget har gjeve nye dukar til Jutulheimen.

For å styrke økonomien har styret overteke administrative oppgåver som det før har vore betalt for, og forsikringa er delt i to terminar som gjer at kostnadsført forsikring i 2007 er halvdelen av normalår. Årets overskot dekkjer fyrst og fremst opp underskot året før, og bankkonto for drift er oppe att på nødvendig nivå. Styret takkar Vågå kommune, andre samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2007.

Rekneskap Vågå Historielag 2007

	Jutulheimen	Prestgarden	Anna
Husleie bustad	36000	45392	
Utleie anna	37800	18000	5000
Medlemskontingent			1500
Salg bøker, hefte			1142
Inntekter arrangement	350		
Refusjon frå MiNG	7152		
Tilskot Vågå kommune	80000		5000
Renteinntekt			1158
Sum inntekter	161302	63392	13800
Lønn, fri bustad	55277	3500	
Arbeidsgjevaravgift, sosiale kost.	2834		
Ref. telefon vaktmester mm.	2828	700	
Korrigering			-3209
Kostnader arrangement	9873		
Kommunale avgifter	8580	19159	
Elektrisk strøm	23663	5488	
Vedlikehald mm. bygningar	8474	4730	5494
Festeavgift	135		
Forsikring	7436	7145	485
Kjøp og vedlikehald utstyr	3455	694	
Innkjøp museumssaker	2500		
Div. rekvisita / forbruksvarer	2578	239	
Alarm	4481		
Andre kostnader	6366	947	3013
Sum kostnader	138480	42602	5783
Årsresultat	22822	20790	8017
Balanse 31.12.			
Bankkonto drift		39632	
Bankkonto innkjøp/investering		69407	
Utestående krav		8142	
Leverandørgjeld		-1076	
Skuldig skattetrekk, arb.gj.avg.		-8282	
Anna gjeld		-12695	
Eigenkapital		95128	

Knut Raastad (kasserar)

Syver Berge (revisor)
Sigurd Nestande (revisor)

Jutulheimen, Vågå Bygdatun

Program for opningsstemna 21. juli 1957

- Kl. 11.00: HØGMESSE ved Vågåkyrkja ved prost Ivar Sjaastad
Kl. 12.30: Folketog frå Vågåmo til Jutulheimen
Kl. 13.00: Vågå Spelmannslag spelar på tunet
Vågå Songkor: Markje grønast.
Velkomstord
Prolog ved Kristian Sveen
Opningstale av direktør dr. Sigurd Grieg
Olav Snorheim spelar på langleik
Vågå Guttemusikk: Hårklou: Varde.
Vågå Songkor: Gade: I Østen stiger solen op.
Madssveen: Syng når du alene går.
Vågå Musikkforening: A. Dalsegg: Dølene kommer.
Grieg: Landkjenning
Formannen i Vågå Historielag og ordføraren i Vågå talar.
Kl. 15.00: Slutt

Folkefest ved friluftscena.

- Kl. 18.20: Kulokk, bjøllor, neverlur og bukkehorn i Prestberget.
Kl. 18.30: Vågå Musikkforening: Eilenberg: Zigøinerne
Rydberg: Gardeskamrater (Marsj).
Vågå Guttemusikk: Arr. W. Aamodt: Bellmonthymne.
Arild Jensen: Juniormars.
Kl. 19.00: FESTTALE av lærar Iver S. Ryen.
Vågå Songkor: Gyldemark: Aften ved havet.
Brusevold: Humoreske
Olav Snorheim spelar og fortel.
Vågå Spelmannslag: Harald Haug: Hilsen til Vågå.
Vals etter Karl Fant.
Vigstadmoin, springar
----- og spelar so upp til dans.

Ber arven din med vyrdnad!
det er det einaste du kan
som gjev deg tru og hjartefred
og rot i fedreland!

Ber arven din med vyrdnad
og lyd dei bod som mor di gav,
ho vil deg vel og fylgjer deg
til dagen stilnar av

Sigurd Stokstad



Frå opninga av Jutulheimen 1957. Frå venstre Ingvald Kleiven, ordførar Anders Bjørkheim og Olav Råstad. Foto: Kjell Andersen.

DAGNINGEN måndag 22. juli 1957:

Sol og stemning over opninga av bygdatunet i Vågå i går

Heile bygda har vore med og reist Jutulheimen, sa Olav Råstad. Takk og kunstnarleg adresse til Ingvald Kleiven for arbeidet hans med museet.

Solblå himil og flagg på kvar ei stong der fanst ynskte gjester frå fjern og nær velkomne til Vågå i går. Rondastakk-kledde kvinnfolk og rutavesta karar fekk bilturistane til å bråstane og glane. Oppover mot Prestberget rann ein orm av festkledde menneske, og det var vel 5-600 gjester samla på tunet framfor Sundestugu da Olav Snortheim bles i den lange luren sin og forkynte for alt folket at nå skulle Jutulheimen opnast.

21. juli 1957 kjem til å bli ein merkedag for bygdasoga for Vågå, og i åra framover vil vel den 21. få same klangen der, som Olsok har det i Lom. Og ikkje har bygda vore vakrare og somardagen finare, enn da vagverane tok storstugu si i bruk for fyrste gongen.

Dagen byrja med høgmesse i den vakre, gamle Vågåkyrkja, der prost Sjaastad ynskte signing over dagen og den nye samlingsstaden oppe ved Jutulporten. Etter gudstenesta vart det etter kvart trafikkrøre framfor kyrkja, der folket samla seg til tog, men dei fleste tjuvstarta og sat alt benka da toget med Vågå Musikkforening i spissen kom inn på tunet i Jutulheimen. I døra på Sundstugu sto formannen i Vågå Historielag, Olav Råstad, og ynskte velkome til gards og i svalgangen satt gamal og kvitskjeggut Vågåbygda sjøl - Guttorm Gjesling Sandbu - einaste aresmedlem i Historielaget.

Så talde lurtonar folket til å teie, og Vågå Spelmannslag med dei gilde rutavestane spela brurmarsj.

- Vi er glade over at spelmannslaget var dei fyrste som bles i garden her, sa Olav Råstad da han ynskte gjestene velkomne, og musikkforeningene og songkoret også ville vera med i laget.

Eg skulle gjerne bedt døkk inn i stugu på traktering denne dagen, sa Råstad. Men døkk er mange, og vi har lite plass. Fatigdomen er ikkje til å dølja. Likevel trur eg at døkk skal trivast, for underhaldning skal det ikkje mangle på.

Etter desse velkomstorda las Kristian Sveen ein prolog for dagen som munna ut at i vår tid, atomalderen, må Jutulheimen bli ein fredens heimstad, og Vågå Songkor stemte i den vakre hyllingssongen Edvard Storm skriv til heimbygda sa: - Markje grønast, sjogen bråna.

Frå det eldste og største museet i dalen bar direktør Sigurd Grieg fram helsing til bygdatur og dei menn og kvinner som har bore det fram. Han ga dei det råd og det ynskje for framtida at dette vesle museet ikkje måtte bli for stort. Det kostar å drive museum i dag. I alt har vi noko slikt som 130 museer i Norge nå, og av desse er 85 folke- og bygdemuseer. Staten har ikkje råd til å bera fram fleire enn desse. Skal det lagast mindre museer, må dei lagast i form av bygdetun som også kan få praktisk nytte, - i form av samlingsstad og representasjonsrom. Men da må det bli bygda sjølv som bér museet. Dette er ikkje noko dei store musea seier fordi dei ikkje unner dei små noko, berre ei nøktern stadfesting av at slik er det, sa dr. Grieg.

Ta vare på det de har. Dei gamle husa blir borte etter kvart, og bra er det. Heile landet kan ikkje vera eit folkemuseum. Men sørg for at det beste av det gamle blir tatt vare på, slik at komande slekter kan få sjå det kulturgrunnlag fedrene ga oss.

Og eit råd til. Vis ikkje barna for mye når De har dei med på museum. Da får museet ofte ein fiende i staden for ein venn. Ta vare på bygdetunet og bruk det. Det skulle vera godt grunnlag for å halde studiesirkklar her oppe.

Etter desse gode råda gjekk direktør Grieg over til å tala om tradisjon, - eit ord som fyrst tydde overdraing av eigeidom, og sidan har fått meininga sedvane, det som går frå slekt til slekt. Ekte tradisjon kan vera så mange ting, sa han. Forteljingar som går frå ættled til ættled om det som har hendt, ofte ting som aldri kjem i bygdeboka - dystre hende som sjukdom og død og sidesprang. Og ofte spring tradisjonen over ein ættled, fordi besteforeldre fortel til sine barnebarn det dei aldri hadde tid til å fortelja sine eigne barn. Men tradisjonen kan også dø, og gamle mennesker kan

oppleva å sjå dette. Dronning Isabella som var gift med Eirik Magnusson, er eit slik eksempel. Tradisjon finn vi i Stortinget, m.a. det at stortingspresidenten står høgare på strå enn statsministeren. Dette er noko som skriv seg heilt frå president Christies tid. Ein annan tradisjon finn vi i runeinnskrifta om Eilif Eng som bar fisk i Rausjøen. Det finns og falsk tradisjon, - som t.d. freistnadene handverkarane gjer på å ta opp att laugstradisjonar.

Direktør Grieg slutta med å sitera Gulatingslova, - der innleiingsorda fortel at Norge har vore eit rettssamfunn heilt sidan folkevandringstida. Rettskjensla er og ein tradisjon, - og ein tradisjon som vi stødde oss på og fann styrke hjå i dei tunge krigsåra.

Etter opningstalen ynskte Olav Snorheim, valdrisen som har gjordt gudbrandsdøl av seg, til lykke med ein bruerslått frå Valdres på langleik. Dei lette fingrane lokka fram sære tonar frå ei gamal tid, og det vart døkkande stilt i tunet og innunder trea rundt Jutulheimen. Julskreia dansa springdans og tusseslått gret, og til slutt tona den vedkjømelege slåtten om St. Thomasklokkene på Filefjell frå strengene og Snorheim song dei orda klokkene syntest syngje der oppe i fjella.

Så tok Vågå Songkor, Guttemusikken og Vågå Musikkforening over programmet att, til Olav Råstad fann at tida var inne til å seia takk til alle som har vore med og reist Jutulheimen. - Alle vagverar har hjelpa til sa Råstad, direkte eller indirekte. Å nemne alle einskildpersonar ville ta for mykje tid, men han takka for gåvene frå kommunen, frå Langmorkje, ysteriet og Eidefoss. Men fyrst og fremst takka han dei to som i si tid starta Vågå Historielag og la grunnlaget for det som nå er gjordt og det som sidan skal gjerast, Ivar Kleiven og skogforvaltar Wolrath. Sist men ikkje minst, takka han Ingvald Kleiven, som hadde våga å koma med framlegget om å kjøpe Sundstugu, og for alt arbeidet hans med bygdatunet sidan.

Det gjorde og ordførar Bjørkheim, som ga Kleiven ei vakkert utført adresse som ei takk frå bygda for arbeidet hans. - Kleiven har hatt ein einast tanke, - å få reist dette her til hugnad for folket i dag og for komande slekter, sa ordføraren.

Den fyrste Vågådagen slutta med stor folkefest i Jutulheimen. Kulokk, bjøller, neverlur og bukkehorn tona og klang frå Prestberget, Musikkforeningen, Guttemusikken og Songkoret sørgde for at feststemninga var på topp, og Snorthheim spela og fortalde folk hundraår attende i tida. Og til slutt lokka spelmannslaget til dans på den store plattingen utanfor stallen frå Snikkarstugun.

Innimellom det offisielle programmet vart bygdatunet saumfare utan- og innandørs. Sundstugu har både fått bord og benkjer, skåp og kister. Varme brann på peisen, og grautamper og flatbrødkorg sto på bordet. I loftsgluggen på stabburet ved sida av hadde nokre små gutemusikarar ”kongelosje”-utsikt over festplassen om føremiddagen. Stallen frå Snikkarstugun er på plass ved danseplattingen, - ein held på å leggje taket på. For Jutulheimen er på langt nær ferdig, og di meir arbeid som blir lagt på det i åra framover, di venare vil det bli, og di meire verdfull for Vågåbygda og vagverane.



Hjå skomaker Ole Olsen, huset står nedanfor riksvegen. Øy med Øyastugu i bakgrunnen. Fotoutlån: Kjell Andersen

Kristian Sveen:

Prolog ved opninga av bygdetunet i Vågå, 21. juli 1957

Her ligg eit tun innunder harde fjellet, -
men skogen luner det og ringar det inn.
Her ligg ein gard i bratte hellet
mot morgonsol og milde synnavind.
Her ligg ei bygd med bratte grender
opp imot vigga der nordanvinden syg.
Her finst og solskinsvarme strender
under berg der ørni flyg.

Vågåbygdi har eit andlet -
hardt og mjukt på same tid, -
merkt av øydingsmakt og vanvet -
og av ei skaparhand så blid, -
herja vilt av naturkrefter,
lekt av grornem skaparhand.
Ja, slik er ho denne bygdi,
eit hardt men signa fedreland.

Her er gråe hus og heimar
kvar du vender deg og ser,
brende av soli, bløytt av regnet
i hundre år med fjellbygd-ver.
Rundt ikring ligg åkerlappar
der folk har takka Gud for kvar ei bør.
Det var hardt å berge livet
I ei fjellbygd - før.

Det var jordi ein laut akta
og ta hand om det ho gav.
Av jordi fekk dei mat og klede,
eller og ei grav.
Så fekk huset heller vera
både lite, lågt og grått,
som du veit dei var så mange
slike fjellbygd-slott.
Der som mange rygger bøyde
seg i slit i mange år,
vart det så litt større åkrar
og litt romslegare kår.
Da reiste det seg større stugu
med krota svalgangar rundt ikring.
Og inne var både bord og benkjer
og skåp og senger og andre ting
ofte utskorne, fint og velgjort, -
slikt som nåtida glør på og spør
i blind forundring korleis dei fekk til
alt så vakkert og lugumt før.

Ein mann har sagt at ” all kultur er dyrken,
først og fremst av jord.”
Og gjeld det bygdekulturen i Vågå
er det sikkert sanne og kloke ord.
Av slit med jordi, i strev for føda,
vår bygdekultur har vakse fram,
med alt han åtte av glans og ære -
og ofte også av spott og skam.


Bak lange, strevsame arbeids dagar
bar mange på ein gyllen-draum
som skapte eventyr og sogor
og felespell og toneflaum.
I det sterke arbeidslivet,
der alle ting var heimegjort,
der fekk dei sansen for form og farge
og lugum skapnad på smått og stort.
Dei lærde av livet dei gamle
å bruke både tanke og hånd.
Og difor fekk både dei sjøve
og arbeidet deira ein svip av and.
I all si ferd var mang ein utsliten arbeidsmann
så fint eit kulturmennske,
som nokon stad du fann.

Og difor skal alle minnast
for det dei var og gav,
både kunstnaren, spelemannen,
og dei andre som no ligg i grav.
Men fyrst og fremst skal alle
dei som rudde bygdi vår
minnast for di dei skapte
i fjellbygdi levekår.

Og difor skal bygdetunet
vera ein heimstad for alle dei
som har sine røter i Vågå,
i dalen, i skog og på hei.
Og difor må bygdetunet
midt i atomalderen vår,
verta ei fredens heimstad
der arbeids- og skapargleda rår.



Frå kjøkkenet i festleg lag i Jutulheimen på 1960-talet. Frå venstre Anna Fjerdingren, Anne Sandviken, Gunhild Sandviken og Anne Bakke. Foto: Kjell Andersen.



Fest i Jutulheimen 1966. Frå venstre Jan Magnus Bruheim, Jakob Sandbu, Alfred Andersen Gott. Foto: Kjell Andersen

Arnfinn Engen: Tale i Jutulheimen 11. august 2007:

Nasjonalromantikk og bygdekultur: Årsaker til framveksten av lokalmusea først på 1900-talet

Da bygdemuseet i Vågå, Jutulheimen, vart opna i 1957, kom det som eit nummer i rekkja av mange distrikts- og lokalmusé som vart bygde opp i første delen av 1900-talet. Det var tannlegen på Lillehammer, Anders Sandvig, som var pioner og den første museumsgrunnleggaren i Oppland. Han starta med innsamling av gamle kulturhistoriske gjenstandar alt i 1886, og kjøpte det første gamle huset, ramloftstugu frå Lykre i Skjåk i 1894. Sandvik si samling var frå starten ei privat samling som vart kjøpt av det offentlege på Lillehammer 1902 og opna som museet på Maihaugen i 1904. Dette var eitt av dei første friluftsmusea i landet ved sida av Norsk Folkemuseum i Oslo og De Heibergske Samlinger i Sogn.

Men frå nå av fylgde det slag i slag i fylket. Alt i 1901 vart Valdres Folkemuseum stifta på Fagernes. I 1902 vart den vesle bygdesamlinga i Hedalen i Sør-Aurdal, Bautahaugen samlingar, etablert. I 1913 vart Hadeland Folkemuseum stifta, og i 1923 kom Toten Museum. Gudbrandsdalen utanom Lillehammer var relativt seint ute med sine lokalmusé. Lom var først ute og vedtok å bygge sitt museum i Presthaugen i Lom i 1925. Og som dei siste bygdetuna med museumsstatus i fylket kom Jutulheimen i 1957 og Lesja bygdetun året etter, i 1958. Grunnen til at Gudbrandsdalen var såpass seint ute, skal eg kome attende til litt seinare.

Det var nok fleire grunnar til at pioneren Anders Sandvig tok til å samle kulturhistoriske gjenstandar og hus. Ein grunn var at han ofte såg at oppkjøparane drog gjennom byen med store lass med gjenstandar kjøpt i bygdene i dalen, og som skulle til dei store musea i utlandet, spesielt Nordiska Museet i Stockholm. Dette gjekk hardt inn på han, og han tok sjølv til å samle slike gjenstandar. Den første gjenstanden han skaffa seg, var ei såkalla apostelkanne frå Dovre. Og etter kvart vart samlinga stor, både av gjenstandar og hus.

Men det var nok også meir ideologiske grunnar til at Sandvig tok til å samle, og det er her **det nasjonale eller det vi kan kalla nasjonalromantikken** kjem inn. Da Sandvig starta sitt kulturhistoriske arbeid i 1880-

åra, sto vi midt i unionsstriden med Sverige. Frå norsk side galdt det å hevde norsk kultur og vise at vi hadde ein sjølvstendig norsk identitet. Dette var den stor norskdomsrørsla som kom sist på 1800-talet, og som kom til uttrykk gjennom Lindemanns innsamling av folkemusikk, Asbjørnsen og Moes innsamling av folkeeventyr, Ivar Aasens arbeid med nynorsken, gullalderen i norsk litteratur, biletkunstnaranes vekt på norsk natur og folkekultur, slike som Tidemand og Gude, og på anna vis. Og det kom til uttrykk i ei veksande interesse for den gamle materielle kulturen. Det var i desse åra dei spektakulære vikingskipa Gokstadskipet og Osebergskipet vart funne. Fortidsminneforeninga var stifta alt i 1850-åra, og arbeidde med å dokumentere og berge først dei få stavkyrkjene som fanst att, og seinare dei mange fine gardsanlegga som fanst rundt om på bygdene, ikkje minst i Nord-Gudbrandsdalen, der gardar som Håkenstad og Sandbu i Vågå, Bjølstad i Heidal og Tofte på Dovre tidleg kom i fokus. Og det var nok dette som var den viktigaste bakgrunnen for at Sandvig tok til å samle. Han ville vise fram dei store kulturhistoriske verdiane som fanst på den norske landsbygda. Dette var ein del av det store norskdomsprosjektet som skulle føre fram til det nasjonale sjølvstendet i 1905.

Sandvigs arbeid på Maihaugen fekk mange følgjer for museumsarbeidet elles i Gudbrandsdalen - og i fleire retningar. For det første førte nok Sandvigs samlarverksemd til at dølane etter kvart fekk augo opp for verdiane som fanst i bygdene i gamle gjenstandar og hus. Dette var tidlegare lite verdsett, men Sandvig sette dei inn i ein samanheng, og mange såg etter kvart kva for verdi dette hadde. Dette skapte seinare ein del konflikhtar rundt Sandvig, som vi seinare skal sjå. Det er også eit faktum at mykje av det som Sandvig samla på Maihaugen, kom frå Nord-Gudbrandsdalen, slik som ramlofthusa frå Lykre og Hjeltar i Skjåk, og ikkje minst dei sentrale gardstuna som Bjørnstad og Øygarden. Det sama galdt svært mange av gjenstandane. Og dette kan nok vere ein grunn til at museumsarbeidet kom så seint i gang nordover i Gudbrandsdalen. Hus og gjenstandar herifrå var jo alt samla på Maihaugen.

Når det likevel vart sett i gang arbeid med eit bygdemuseum i Lom på 1920-talet, og seinare i Vågå og på Lesja, så har nok det bakgrunn i **ønsket**

om å ta vare på den lokale bygdekulturen i bygda i staden for å sende den frå seg til Lillehammer, og dette var kanskje framkalla av at det i fleire bygder kom til konflikhtar med Sandvig om hus han gjerne ville ha.

Sterkast kom dette til uttrykk i Lom omkring striden om den gamle stavkyrkja frå Garmo. Kyrkja vart riven midt på 1870-talet og delane vart selde på auksjon. Men Trond Eklestuen, eller Skrap-Trond som han vart kalla, hadde kjøpt det han hadde greidd å få tak i. Han baud i 1908 dette fram til Sandvig, og Sandvig tok til å samle saman alt han kunne få tak i av kyrkja i Lom. Garmokyrkja vart bygd opp att på Maihaugen og sto ferdig i 1920.

Etter at kyrkja sto ferdig gjenreist, men ikkje innreidd, ønska Sandvig ei ordning med Lom slik at inventaret kunne setjast inn i kyrkja. Spørsmålet kom opp i kommunestyret i Lom i mars 1920, og representanten Frisvold sa i debatten at ”etterhvert som vor bygd var blevet fattigere, har de Sandvigske samlinger blevet rigere paa kulturminster”. Han ville ikkje vere med på å ribbe bygda meir for gamle kulturminne, og meinte at inventaret frå Garmokyrkja måtte oppbevarast i bygda. Kommunestyret gjekk så inn for at kyrkjelyden måtte få uttale seg om dette spørsmålet.

Stemmegevinga i kyrkjelyden vart skuffande for Sandvig. Med 30 mot ei stemme gjekk dei mot å utlevere inventaret. Tvert om så ønska dei at kyrkja skulle førast attende til Garmo, og at kyrkja og inventaret skulle førast saman der.

Nå svara styret på Maihaugen med eit overraskande grep. Dei vedtok å overlata kyrkja til Lom på følgjande vilkår: Teknisk sakkunnige måtte garantere at kyrkja ikkje vart skadd ved flytting. Kyrkjedepartementet og Fortidsminneforeninga måtte godkjenne flyttinga. Kommunestyret i Lom måtte love å ta seg av vedlikehaldet. Samlingane måtte få godtgjort kostnadene dei hadde hatt på mellom 40 og 50 tusen kroner. Og den endelege avgjerda måtte takast av kommunestyret i Lom innan 20. juni 1920.

Dette var strenge vilkår for Lom. Dei ba om ei utsetting av fristen, og fekk ti dagar. Dette førte til eit bittert vedtak i kommunestyret i Lom, der det mellom anna heitte at ”Man forstaar [-] at styret for samlingerne vil holde

sig veien aopen til i et hvert tilfælde at hindre Lom fra at komme i besiddelse av kirken. [-] Til at skaffe midler [-] trænges rundelig tid. Paa henvendelse med indtrængende henstilling [-] har imidlertid styret forlænget denne frist med 10 - ti - dage. Hermed er det til overflødighet klart, at man ikke tok feil, naar man gik ut fra, at det aldrig har vært meningen, at kirken skulle komme til Lom, og man har derfor ikke for flere vidnesbyrd behov, skjønt man har dem.”

Sandvig vart etter dette vedtaket spurdt kva som nå kunne gjerast for å føre saman kyrkja og inventaret. ”Ingenting, svarer hr. Sandvig. Lom har jo avslaaet vort tilbud, og vi agter ikke at tvinge kirken ind paa bygden.” Det vart peikt på at fristen var kort. ”Nei fristen var tilstrækkelig. De hadde jo brukt saa stort ord deroppe, at de skulde løse kua fra baasen og hesten av stalden. Nu ser vi ikke noget til denne offervillighet.” Det som skjedde i saka omkring Garmokyrkja, skapte nok eit vanskeleg forhold mellom Sandvig og lomværanane som kom til syne i fleire saker framover. Og dette var sikkert ein viktig grunn til at lomværanane ville ha sitt eige museum - og fekk det alt i 1925.

Også i Vågå vart det strid om eit hus som hadde kome til Maihaugen - utan at det førte til noko bygdemuseum i første omgang. Striden galdt den gamle prestegardsbygningen frå Vågå. Denne prestegardsbygningen hadde Sandvig kjøpt av prost Holmboe i 1904 og flytta til Maihaugen. Etter eit gammalt dokument som Ivar Kleiven hadde funne i Riksarkivet, hadde allmugen i Vågå gitt bygningen til presten i 1789 fordi bygningen var dårleg, og dei ville ikkje ha vedlikehaldsutgiftene lenger. Sidan hadde prest etter prest seld den til sin ettermann, til Holmboe i 1904 selde den til Sandvig.

Striden starta med at det i Vågå kommunestyre 19. januar 1908 vart framlagt eit dokument som syntest å vise at bygningen høyrde kommunen til, og det vart nedsett ein komité på to mann som skulle undersøke saka, ordførar Ole Mo og Ivar Lunde. Dette førte til fleire arge avisinnlegg i Gudbrandsdølen. Innsendaren ”Vagver” tok utgangspunkt i at kommunestyret hadde ”Vakt Motion om at søge Prestegaardsbygningen paa

Maihaugen bragt tilbage til Vaage". Han meinte at kommunestyret ville at Sandvig ikkje lenger skulle "-Faa beholde verken Æren eller Glæden ved at ha reddet Huset. Nu vil Ole Mo gjerne overtage Paaskjønnelsen og Æren. Det er Historien om Kolumbus og Ægget endda en Gang. "Det kunde vi ogsaa ha gjort", siger Ole Mo og Vaage Herredsstyre efterpaa. Efterpaa ja! Hvorfor var ikke Zeloterne ude i rette Tid?" Og så kjem innsendaren med eit politisk spark til Ole Mo, som var vald inn i kommunestyret frå arbeidarforeiningane og såleis sett på som sosialist: "Den Mand som har Ledelsen i Vaage Herredsstyre for Tiden, har aldeles ikke noget positivt Program. Hans Maal synes at være at gi Knubs til saa mange som muligt af de Medmennesker, som ikke vil danse efter hans Pibe."

Ole Mo svara eit par dagar seinare med å peike på at vedtaket i kommunestyret gjekk på å få undersøkt saka, "ikke med en Gang at hente Bygningen tilbage". Men han gav klart uttrykk for kva han meinte ved å si at "Vagver" ikkje var nokon vagvær "naar han ikke ønsker Bygningen tilbage igjen, forsaavidt det skulde vise sig, at den er Vaage Almue tilhørende". Mo meinte elles at folk burde skrive i avisene under fullt namn, og gjekk langt i å avsløre kven motstandaren hans var, ved å seie at "Om Ole Mo kan skrives anonymt, det gjør bedst Klem, og gaar an for hvem som helst som vil det, selv for Hr. Anders Mikkelsen Skrede".

Ole Mo fekk moralsk støtte gjennom eit anna anonymt innlegg frå "Per" i Gudbrandsdølen. "Per" meinte at bygdene vart tømte for kulturgods: "Engelskmænd og Svensker og alleslags Opkjøbere, samt vore egne Embedsmænd, især Læger, som jo i Bestillings Medfør besøger alle rygende Hytter, løp omkap for at rense Landsbygden for alt det, som kunde fortælle den opvoksende Ungdom om Fædrenes Aandsliv, deres Forhold i Elskov og Sorg, i Fryd og Gammen, og i Rigdom og Fattigdom. At meget af dette "Rov" samledes paa Lillehammer og ikke gik til London eller Stockholm er jo forsaavidt bare bra. Men det bedste af alt maatte det vel have været, om Bygderne havde beholdt det for sig selv." Og "Per" hadde ei klar meining om museet på Lillehammer: "Det Gudbrandsdalske Kulturmuseum, som nu med Statsbidrag er henlagt til Lillehammer, burde lagt i Vaage eller til Nød i Fron eller kanskje helst i begge Bygder. Thi det

er viktigere at opdrage Dalens Ungdom til dygtige, ædle og skjønhedselskende Mennesker, end at give en By Anledning til at drive økonomisk Turistslaveri med Landsfolkets synlige Udtryk for dets Skjønhedstrang.” Denne debatten vekke nok ei viss oppsikt, for innlegget vart referert både i Aftenposten og i Den 17de Mai. Museums mannen Gisle Midttun rykka ut i Dale-Gudbrand og meinte at det var bra at vagværane nå hadde fått syn for kulturverdiane i bygda, men at dei ikkje måtte rette på ein feil ved å gjere ein ny feil - å krevje prestegardsbygningen attende til Vågå. Han meinte at den hadde det best på Maihaugen.

Ole Mo gjekk på ny ut i Lillehammer Tilskuer for å forsvare seg, og peikte på at det ikkje var han som hadde tatt opp saka i kommunestyret. Og når avisa hadde sagt at ”den, der ivrigst ønskede, at Handelen skulde komme istand, var netop den Ole Mo, som nu i det sidste har fægtet saa drabeligt for at faa den omgjort”, så forsvara Mo seg med å si at ”verken jeg eller andre af Bygdens Folk, undtagen Sælger og Kjøber og kanske en eller to til, vidste noget om Handelen, før der blev Spørgsmaal efter Kjørere til at transportere Bygningen ned til Otta”. Med dette ser det ut til at diskusjonen om kven som hadde rett til den gamle prestegardsbygningen frå Vågå tok slutt - og det førte altså ikkje til at det kom arbeid i gang nå med å skaffe Vågå eit bygdemuseum. Det skulle ennå gå 50 år.

Nå er Jutulheimen ein del av ein større museumsorganisasjon, Museet i Nord-Gudbrandsdalen. Og det er arbeid i gang for å endre og utvide denne organisasjonen. For det har kome fleire avleggjarar av museumsarbeidet i Gudbrandsdalen etter kvart, om enn med andre tema enn dei gamle bygdetuna. Dette gjeld Gudbrandsdal Krigsminnesamling i Nord-Fron, ei anna krigsminnesamling på Dombås, Fjellmuseet i Lom, og senteret for steinindustri på Otta. Og vi har fått Opplandsarkivet med tre lokalavdelingar i Nord-Gudbrandsdalen, og to folkemusikkarkiv i dalen. Alt dette har gjort det ønskeleg med ein samlande organisasjon, men denne er ennå ikkje på plass, og det er uvisst korleis dette blir.

Men Jutulheimen står her og har gjort så i 50 år. Eg vil få gratulere vagværane med jubileet, og håpar at Jutulheimen vil utvikle seg - aleine eller som ein del av eit større museum - og vil vere til nytte og glede i mange femtiår framover.

Martinus Høgåsen, Årbok for Gudbrandsdalen 1960:

Han Ingvald Kleiven og Vågå bygdatur

Dørstokk-mila er dryg. Sume seier ho skal vera den lengste. Det er dette å gå i gang, verkeleg å hogge nevane i og ta fatt som ofte er så vanskeleg for oss. Vi tenkjer nok, og vi drøymmer og pratar og legg ut. Jau du, det skulle vore gjort! Og kjem tid, kjem vel råd. Det fær vera til i morgon då, måta.

Vi er lik han Lars i Lia nokon kvar. Serleg når det gjeld det som ligg litt utanom vår eigen horisont. Men er lukka god, kjem kanskje livet sjølv og gjev oss ein dult i ryggen, så vi kjem utpå døra-hella, og kanskje eit spark i baken så det ber ut på jordet med oss ...

Vi hadde nok tala på det og tenkt på det og tykt det burde vore eit bygdatur på Vågå au nokon kvar av oss. Vågå historielag hadde då så mange ting, etter Wolrath, etter Ivar Kleiven, innkomne gåver i ny og ne frå folk som kom i hug heimbygda si. Noko låg på eit stabbursloft på Klones, noko hang kring veggene hos skrivaren på Øy, og noko slong det her og der.

Vi må få eit bygdatur med hus til å ha det i! Ja, det burde ha vore. Men så var det dørstokk-mila vår. Og kvar skal vi få tak i hus? Det kom dei som visste det og peikte på åt laget Nordigard Kleppe, Nettet, Haugøy. Så var det at Ragnhild og Erland Berge rykte inn på Sunde i den skakke storstugo. Det var skakt og skeivt nær sagt alt på denne kjerringlausgarden. Han som hadde styrt der ein mannsalder, hadde vorte vanstelt med kjerring-hjelp, og så tok det til å halle. Det er ofte ein gard står der og sturer og græt og stundar på den dugande kjerringa som skal rykkje inn og ta fatt både her og der. No hadde sleden fått to meier, og det var både mann og kjerring som tok fatt på jord, skog og skakke hus.

Ein dag kom det eit tilbod til historielaget. Han Erland og ho Ragnhild heldt storstugo fal for kr 20000,-, om laget ville kjøpe. Dei sjøelve laut byggje nytt og tidhøveleg.

Det vart møte i laget 4. april 1950 og mykje prat og kaffidriking. Kanskje vart dette dulthen som fekk oss ut på dør-hella? Både Olav, Ola, Jakup,

Anton, Ingvald, Torkjell og dei som mindre sa meinte det same: Vi laut nok slå til. Men det ville blir dyrt å få flutt ho, stygg-dyrt å få ho oppatt. Og kvar skulle vi få ho nedpå? På mat-åkeren? Eller oppi Kustig-holet ovanfor Jutulporten?

Det vart samrøystes vedteke å godta tilbodet og kjøpe Sunde-stugo. Etter det vedtaket kvilde vi oss, som han Lars i Lia. Å nei, forresten, det var mykje skrivning att og fram og tinging med departement, prestegardskontor og museumsfolk som helst frårådde det heile. Det vart etter års skrivning fastslege at plassen skulle vera oppi berget. Og då var det han Ingvald Kleiven, fyrst og fremst han, som vart drivfjora i arbeidet.

Han Ingvald, ja. Det var gut som var fødd med uro i blodet, eit batteri av aktivitet. Eg lyt ta litt om ætta til ein bakgrunn. I 1801 tente det eit par ungdomar på Helle, Ole Hansson 22 år og Ragnhild Imbertsdotter 25 år. Dei åtte ikkje nåla i veggen, berre to sterke armar og det dei gjekk og stod i, og så visste dei at dei var glade i kvarandre. Dermed bar det nord i Nordheradsålmeningen med dei der dei rudde og bygde eit lite husmannsbol som fekk namnet Nedre Kleivé. Dei hadde ein son, Imbert f. 1812 g.m. Marit Ivarsdotter f. 1812. Han fekk festesetel etter faren i 1843. ein av sønene deira var Hans Kleiven f. 19. 9. 1852. Han stod smedlæra "i Reinbuom," gjekk til og frå og drog reidskapen sin på ein kjelke. Hans var ein røsleg og sterk kar, og han vart smeden framom alle i Nordherad. Han svinga slegga, slo ljåar og kveste sko, gjorde øksar og alt som til var på Valbjør, Viste og Valle, på Visdal og Klones og Helle. Dei som hadde hatt han til smed, ville helst ingen annan ha. Solid og velgjort var alt han fór med, ikkje noko fjask og fusk der i garden. Men det var slitsamt å vera smed. Han bar reidskapen med seg, og etter endt arbeidsdag var det å gå heimatt kleivane opp på ein urdut og smal stig der ein lett kunne ha fare ille om ein hadde stige i miss.

Det var sakte ikkje rar levemåten på ein slik liten heim i bratta. I 1865 fødde dei ei ku, 4 sauer og 4 geiter i nedre Kleivé. Dei sådde 3/4 tunne bygg og 1 1/2 t. poteter. Det meste av fóret var slikt som dei hausta utangjerds, lauv og ris og måså. Men det voks opp sterke gutar og raud-

leitte, blide jenter på desse steinrøys-heimane bygda rundt. Snøgge i snuen og sterke var dei, kvar dei no kunne ta kreftene frå. Han Ivar Kleiven er au inne på det ein stad. Ja, han kunne nok undrast.

Hans fekk gifta si på Lalm, vart g.m. Marit Kolstad. Det vart ei halv tylft lange, senesterke gutar og ei jente. Men ingen av gutane vart sterke som far sin. Det var som det heiter i Storegut-kvædet:

Og Olav var stor, og Olav var sterk,
og Olav var sprækker kar,
men endå så vart det alltid sagt
at betre var gamle far.

Det mørknar i kring deg når slik du fer
frametter og mot di grav,
og derfor så hava dei gamle for tru
at folket det minkar av.

Dei hadde handlaget etter far sin alle desse gutane, og såg dei ei smie eller eit hjul som sveiv, så vakna dei.

Han Ingvald var fødd i 1887 og var nr. 4 i flokken. Han kom tidleg i smia, og når det song i smiestedet, tykte han det var reine musikken. Som vaksen kar, dreiv han i fleire år eigen verkstad i Ringebu, og han gjorde det godt.

Men så gjorde "bil-beistet" sitt inntog i Ottadalen, slik som Aukrust har skildra det. Folk banna dette beistet som gjorde det livsfarleg å ferdast etter vegane både for folk og fé. Stor-fanten tvinga små-fanten ut i vegggrøfta. Ingen forstod då at med den fyrste bilen var det eit vend i samferdsla som kom til å bli reine revolusjonen. Biltrafikken snudde opp ned på han Knut Villa au. Eg hadde rekna så fint, fortalde han sjølv, at når Øverstedal kunne gjera mynt på motorbåten sin på Gjende, så måtte då eg au kunne gjera det same på Vågåvatnet der det var større trafikk og lenger sesong. Men det var og blir heller aldri veg langs Gjende. Langs Vågåvatnet var

det veg, og så kom bilbeista snurrande og surrande, snart vart dei organiserte au. Villa vart slegen ut med "Jutulen" sin og gjekk konkurs for det same. Organisererte, ja. Det kom eine bil-laget utanpå det andre, OGS, OKA og Skjåk-bilane.

Det var i 1921 at Ingvald Kleiven vart knytt til OKA (Ottadalens Kommunale Auto) som disponent. Han hadde ikkje søkt eller tenkt på å søkje, men styret bad honom ta mot stillinga. Det var ei krevjande stilling i ei tid som vart vanskeleg nok på mange vis. Det synt seg snart at Kleiven var eit arbeidsjarn her og med dei administrative evner som selskapet hadde bruk for i denne oppbyggjingsstida. Snøbrøytinga var eit overmåte vanskeleg spørsmål etter denne lange vegen med alle sine hafeller. Mjølketransporten frå sætrene meldte seg. Men dei gamle sætervegane var bygt for ferdsel med kløv og i beste fall med kjerre og hest. Å skaffe materiell som høvde til dei ymse oppgåver, var eit ståande spørsmål. Kleiven var vaken for alle krav som meldte seg, hadde eit godt grep på å løyse sakene, var elastisk, men på same tid fast i grepet, logn og endefram og godsleg med frisk skjemt til krydd på kosten når det var bruk for det. Han vann seg vyrdnad og vener både mellom trafikkantar og funksjonærane i selskapet.

I ei årsmelding frå styret 1927 står det m.a.: "Hele sin energi ofrer han i selskapets tjeneste som det skulle være hans egen forretning." Det er ikkje meininga her å skrive saga om korleis han var med og arbeidde fram biltrafikken i Ottadalen. Det blir skrive av andre på annan stad.

Han såg elles ikkje ut som nokon disponent. Han administrerte i grunnen meir frå gata enn frå kontoret. Du kunne sjå han i kvardagskledda midt oppe i mylderet med pipa i munnen og ein blyant oppmed kvart øyra, medan det glimta i brilleglasa. Han greidde opp i flokene, store som små. Hans Bø i Gausdal tala om "å ha auga for hest." Han Ingvald hadde auga for bilar, og tok bilen til å harke og hoste og fjuske i løypa, var det som han lukta kvar feilen låg. Ute og inne var han umissande. Han stod i til freden kom.

Då fekk han det rolegare. No las han Kleiven-bøkene, Fortids kunst i Norges bygder, årbøkene for Gudbrandsdalen o.s.b. Han fekk tid til å dyrke litt andre interesser. Han laut få seg ei ættetavle.

Han hadde vore så opphengt med anna arbeid før, at han lite hadde fått tid til slikt. Men di meire han las, di meire voks han på det. Helsa vart ikkje så god. Hjarta tok til å fuske, og doktoren sa: Du må slutte med tobakken! Folk sa: Det greier ikkje han Ingvald, så innrøykt som han er. Men han drog borti bua si, og med bøkene som eg har nemnt til selskap, gjekk det. Han beit i hop tennene og ville, og han sette seg andre mål.

Leggje i hop hendene og sitja føderådsmann i ein god stol, det høvde ikkje for Kleiven. Og då det leid på, så kom tanken om bygdatunet. Og han stilte seg til tenest. Til tenest for bygda. Han nemnde ofte at Vågå alltid hadde vore ei kultur-bygd, og måtte bli det. Vi måtte ikkje drukne i det materielle kavet og miste oss sjølve. Han, den praktiske mannen framfor andre, hadde au syn for det naturfagre, det kunstfagre, treskurden, kunstvevnaden og kunst-smidinga, for byggjekunsten. For det å byggje pent er visst au ei kunst. Dei byggjer ofte så stygt no til dags, sa han, trass alt dei bryt hovudet og bryggjar opp med teoriar og mykje arkitekt-lærdom. Dei gamle hadde ikkje lært noko om slike ting, men det rare var at dei kunne ikkje byggje anna enn vakkert. Det stod i lendet og det vart godt for auga det dei sette opp, som det så berre var eit kverhus eller ei bu borti villmarka. Dei hadde det liksom i blodet bore korleis det skulle gjerast. Det var noko mykje merkeleg.

No då historielaget ringde til dugnad for bygdatunet, vart Ingvald Kleiven den sjølvskrivne drivkrafta. No kom det vel med at han i billagstenesta hadde fått så vel kjennskap til folk i bygda, så han visste korleis han skulle ta både Per og Pål. Han hadde eit lag som ingen annan til å få folk med seg. Dei som hadde traktorar og bilar fekk vera med og køyre gratis nokre kveldar. Andre fekk vera med og rive, lesse, avlesse. Og då stugo skulle oppatt, var han med og hadde eit auga med det heile i alle detaljar. Han kunne ikkje hatt meir hugsott med arbeidet om han hadde bygt åt seg sjølv.

Han fekk folk til å gjera gratisarbeid for tusen-tal kroner. Men dei fleste timane hadde han der sjølv år etter år. Og når det gjekk som hardast, då smilte han eller god-skratta og let vel over dei friviljuge storm-troppene sine.

Han kunne gå beint på folk. Eit døme: Han stogga meg midt på Finnbrua ein dag og tok godt tak i trøye-kragen min. I dag skal du ut med 100 kr., sa han. Kjære, kva er det som rid deg i dag? sa eg. Eg har kjøpt ein peis på Resvoll. Den skal du koste inn i Øyastugo. Jau, hundrelappen skal du få, men på eitt vilkår. - Kva er no det? - At du tek dei andre skule-meistrane i tur og orden på same måten.

Vel han hadde kassert inn hundrelappen, kom det fem vegarbeidarar framom. Han ropte dei til seg. Dykk har enno ikkje vore på Sunde og gjort ein times arbeid. Eg ventar dykk alle mann i kveld klokka seks. Eg har traktor, men ikkje mannskap nok. Det var ja med ein gong frå alle fem.

Han var slik i dei dagane at det var ikkje godt å seia nei til han. Det var fart og smittande humør over han Ingvald i desse dagane. Den som brenn for ei sak og ser at det går framover, han er lukkeleg. Slik gjekk det til at vi kom i hamn med bygdaturnet. Han Lars i Lia fekk spennet i baken og godslege knubb og skubb og napp i trøyekragen av eld-sjela Ingvald Kleiven.

Det var ein stor dag for heile Vågå då bygdaturnet vart innvigd 21. juli 1957. Styret i historielaget med Olav Råstad i brodden hadde mobilisert alt av godvilje både på kar-sida og kvinnfolk-sida for å få til ein verdig og heimekosleg fest. Vergudane var i sitt beste lune, og folk strøymde til frå alle leier. Det var som det står i Snorre: På alle vegar kom det folk ræsande. Vågå musikkforening var i brodden for folketoget sjølvsagt. Songkoret song vakrare enn nokon gong før. Dr. Sigurd Grieg og skulestyrar Iver S. Ryen tala. Det velsigna Vågå spelmannslag hausta rik fagning. Han Ingvald fekk dei blomane han så vel fortente, han framom andre. Ellers var det som Olav Råstad sa: Skulle ein nemne alle som fortener takk her, så vart eg visst aldri ferdig. Eg skal så visst ikkje ta opp att det han refererte. Det blir skrive ein annan stad ein annan dag.

Men det var endå mykje att å reise og ordne. Det kom fleire hus, og til slutt Øya-stugo, den gamle tingstugo som stod der så skeiv at ein kunne venta vestan-veret tok og kvelvde ho ei styggeversnatt. Like til det siste var Kleiven oppe i arbeidet med bygda-tunet. Det var det fyrste han hugsar på når dagen spratt, trur eg, og det siste han tenkte på når han trekte av seg skoene om kvelden.

Eg undra meg mykje over han Ingvald i desse åra. Han syntte at han var meir til mann enn vi hadde visst. Når oppgåvene melder seg i ei bygd, kjem ofte mannen, og han veks med oppgåvene som han tek på seg.

At du ikkje var frampå i 1936 då Skrede baud fram samlingane sine for så billeg ein pris, sa eg til han ein gong. Eg hadde ikkje vakna endå, sa han. Eg var så forkava med andre ting. Men det er fælt å tenkje på alt det som der gjekk tapt for oss. Elles var det då så trong ei tid for bygda, at eg hadde vel ikkje fått folket med heller.

Han kjende Trond Eklestugun, fortalde om han, denne originalen som samla så mykje og køyrde ut or dalen og bygda. Det var trist korleis bygdafolket nedvurderte sitt eige og overvurderte det krimskramset som kom frå by og industri. Dei måtte ha fått trollsplinten i auga. Den som nedvurderer sitt eige, står på sviktande grunn, han ramlar gjennom isen og uti råka og rek med straumen som pinneved. Vi lever i ei farleg tid no, kunne han seia, der vi sat og prata kring kaffikoppen. Kanskje har aldri tida vore farlegare for bygda enn nettopp no, trass i alle pengar som flyt inn? Fordi bygda kan bli skadd i livsmergen. Men bygdatunet kan lære oss å sjå opp til vårt eige. Det er rart han kunne seia såpass som han gjorde, av og til. Han var elles ikkje av dei som fortala seg og la ut i det vide og breie.

Han tok til å skrante hausten 1959. Det syntte på han at han gjekk tyngre. Utpå vinteren bar det på sjukehuset. Han var endå sterk, så vi trudde ikkje det var siste ferda han la ut på. Men ein grå aprildag kom det bod om at han Ingvald hadde slokna. Det var slik at vi nekta å tru det.

Eg freista å tolke bygda-sorga med dette:

Takke-kvede ved gravferda hans Ingvald Kleiven 21. april 1960

Det kom ein Kleiven og sette saga
om bygd og bonde i bok og penn.
Han ville vekkje til vakt om minne
som enno levde i dal og grend.
Han Ivar Kleiven fekk gjordt med kløkt
ein dåd som ikkje blir gløymt så snøgt.

Og koma laut det ein Kleiven-kar
og kalla folket til onn og dognad,
før b y g d a t u n e t vi såg med hugnad
ta form - det vart visst ein grepa gard.

Sjå Sunde-stugo som stod der stura
og syrgde over sin alder grå,
no vart det grave, no vart det mura,
så ho i 200 år kan stå.
Og Øya-stugo der ting dei sette
og Hauridz ruvde i domar-stol,
ho stod og sukka med sorg på stupet
og vind i vid-opne glas-hol mol.

Han Ingvald hørde vel klage-målet:
Å kom og berg før det lid for langt,
før hoggarstabben og heite bålet
fær gjort si gjerning som før medmangt.
Han hørde kallet, det gjorde fleir.
Han l y d d e kallet, det gjer for få.

Og meir og meir vart han glødd og glad i
sitt verk og veggjene armodsgrå
Han såg det skein av dei meir og meir.
Ja, glans det fekk dei di meir han bygde.
Og folk laut vera-med fleir og fleir
og fedra-arven sin trufast trygde.

No ligg han her, og hans onn er endt.
Den siste stokken hans hånd har vendt.
Det vart så stusleg kring Jutulheimen -
Dei siste ting heng på vegg og vitnar:
Den dagen kjem nok då bandi slitnar
i mellom mann og hans livsens verk,
det som han øvde, i hugen sterk
Hav takk da, Kleiven-kar nr. 2!
I fote-fara hans Ivar gjekkk du,
og same løna, ei glede fekk du
med song i bringa og brann i blod.
For alt du øvde, for vilje varm
alt Vågå takkar med sorg i barm!

M. Høgåsen

Kristian Sveen, festtale i Jutulheimen 3. desember 1999:

Vågå Historielag

Vågå Historielag fyller 70 år dette året, faktisk så tidleg som 23. februar. Den dagen var det kalla i hop til oppstartingsmøte i den nåverande Gamelbanken i Mo-om. Opptaket var nok gjort av Ivar Kleiven. Han var med i det fyrste styret i Gudbrandsdal Historielag, som nå i 1929 alt var 10 år gammalt, og han hadde utforma framlegg til lover for Vågå Historielag, eit framlegg som forresten vart eit grunnlag fleire historielag i Gudbrandsdalen etter kvart gjorde seg nytte av.

Møtet her i Vågå var samankalla av Ola Kvarberg, Hans Tolstad og Simen Wolrath, "etter henstilling derom av formannen i styret for Gudbrandsdal Historielag," som det står i møteboka. Formann i Gudbrandsdal Historielag da var Aksel Hattestad.

Fyrste formannen i Vågå vart Anders Skrede, nestformann Kaspar Øvstedal og kasserar Ola Ruistuen. Eg skal ikkje gje meg til å rekne opp altfor mange namn. Så vidt eg veit er ingen i live av dei som var med frå starten, men nye har kome etter kvart, og laget har altså nå vore i aktivitet i relativt lang tid, men kan slett ikkje tenkja på at det har nådd pensjonsalderen.

Skrede var formann berre eit år. Så kom Simen Wolrath i staden og han kom til vera formann i fleire år. I 1934 var Skrede formann på nytt eit halvtårs tid til han flytte frå Vågå. Resten av året fungerte Jo Nordahl. På neste årsmøte vart Jakob J. Sandbu valgt, og kom til å vera formann lenge.

Eg skal freiste peike på ein del arbeidsoppgåver som laget kom til å ta fatt på etter kvart der laget markerte tanken bak historie og samlararbeid, og den grunnleggjande ideen å gjera folk flest bevisste om kor mykje det var å ta vare på, både folkeminne og dei synlege tegn handverksmessig og kunstnerisk framvekst og utvikling i bygdesamfunnet.

Det synt seg fort at interessa var tilstades hjå mange, men at arbeidet og kostnaden kravde uhorveleg mykje. Og åra rundt 1930 hadde i allfall svært lite økonomiske ressursar å setja inn. Laget hadde ein basar i 1930 for å få inn litt pengar. Nettoutbyte vart 567,90 kr. står det i møteboka.

I dag er dette ein liten slant berre, men tenkjer vi etter korleis det var med pengar den gongen, er det kanskje nesten meir enn ein kunne vente.

I 1929 fekk laget eit tilskot frå Vågå Sparebank på kr 300,- og frå Vågå Brandkasse kr 100,-. Ved årsmøtet i 1930 hadde laget kr 51,05 i kassa. Dette syner korleis økonomien kunde vera den tida. Eingong er det opplyst at medlemane i styret personleg har garantert for eit lån i banken på visstnok 600,- kr. Dette var til kjøp av fine ting som ellers truleg ville gått ut av bygda.

Men laget fekk også mange små og større gåver som dei måtte få innsett ymse stader i bygda da laget ikkje hadde noko hus sjølve, og heller ikkje fekk det på lenge. Frå O. Strandli, styrar på Handelsforeninga, fekk laget ved testament, såleis mange verdifulle ting, som førebels vart plassert på Klones.

Alt i 1933 stod laget som utgjevar av ein sjeldan vakker trykksak, "Vågåkyrkja og Vågåkyrkjegarden", som Anders Skrede var forfattar av. Salgsprisen for denne fine vesle boka, som rett nok var trykt gratis hjå E. Moestue i 2000 eksemplar, var kr 1,25.

I februar 1934 døde Ivar Kleiven. Det vart ei gravferd som samla utruleg mykje folk både frå Vågå og vidt omkring, og både Gudbrandsdal Historielag og Vågå Historielag måtte syne honom den siste æra. Han hadde testamentert sine attliggande manuskript og arkivsaker til Vågå Historielag, og dette fekk førebels hus hjå lensmann Nordahl, og i kvelvet på skrivarkontoret.

Same året tok innsamlingsarbeidet til for å få reist ein bautastein over Ivar Kleiven. Det var det stor interesse for, ikkje berre i Vågå, men i heile Gudbrandsdalen og i krinsar som omfatta heile landet. Det vart såleis samla pengar i Oslo etter opptak av arkitekt Carl Berner og fleire. Men Vågå Historielag måtte tenkja på kvar steinen skulle stå, og alt i 1935 begyndte tingingar med kyrkjedepartementetum ein strimmel med jord av Matåkeren rett over vegen frå kyrkjeporten, der da både Edvard

Stormsteinen og Kleiven-steinen skulle få plass i eit lite parkanlegg. Dette vart eit langt lerret å blikje da departementet ikkje var serleg velviljuge til å begynne med.

I 1936, (26. feb.) døde Paul Kleiven på Kleivsætra. Han hadde også testamentert nokre saker og ting til historielaget, og nå måtte alt historielaget hadde fått på Kleivsætra hentast ned frå der, da Jakob H. Kleiven, brorson til Ivar og Paul, skulle overta sætra etter odelsrett. Jakob Sandbu fekk da frakta dette til Nigard Sør-Sandbu, der Rudolf Olsen var beinksamd med oppbevaringsplass.

I 1938 vart avtala med departementet endeleg godkjend, og nå kunde ein for alvor ta til med arbeidet med å få reist minnesteinen.

Ellers arbeidde laget ein del med få utgjeve to bøker som låg att etter Ivar Kleiven: "Frå Skotteåret" - trykt før som følgjeton i bladet Bonden i 1911, og "Elvesøg", der ei eller to av forteljingane hadde vore trykt før.

I 1940 var det så meininga at Kleiven-bautan skulle vore avduka. Relieffet var for lengst ferdig frå Olav Hanslien, og festekontrakta for parkarealet var i orden, men så kom krigen. Avdukinga vart utsett og parkarealet bortleigd til potetland i mataukinga si tenest i krigsårom.

Laget hadde etterkvart fått meir og meir gåver frå folk både innanbygds og utanbygds. I årsmelding for 1935-36 står såleis ei liste over gåver frå 18 personar. Noko er gamle brev og dokument av ymse slag, men det er også mange mindre antikvitatar. Med her er heile 45 bøker og andre ting frå Jo Nordahl. Slik er det år etter år. Det er utruleg mange som står bak samlingane slik dei er i dag. Størst plass tek sjølvstekt dei store testamentariske gåvene og 1940 fekk laget ei både stor og verdifull samling med antikvitatar og kunstverk etter Simen Wolrath som forresten stod som formann liketil han døydde. Her var m.a. heile 8 maleri av Kristen Holbø og eit av Olav Hanslin og eit Knut Ljøsne. Biletbibel frå 1600 talet, stuguklukke laga av Erland Lien, og ellers mange både store og små ting.

Nå tok det til å bli for alvor kritisk med husrom. Men det var andre oppgåvers som laut gjerast unda før. Avdukinga av Kleiven steinen hadde vore utsett lenge, men ved hundreårsdagen til Kleiven i 1954 laut det bli. Det vart eit stort arrangement, med høgmesse i kyrkja v/Sjåstad, Kransing av Kleivens grav v/formannen i Gudbrandsdal Historielag Ivar Øygard, prolog ved minnefesten ved Tore Ørjasæter, avdukingstale, som vart overført direkte i kringkastinga, ved professor Olav Midtun, sang av Gunnar Bergseng, og musikk av Vågå Musikkforening og Vågå spelmannslag. Ordførar Anders Bjørkheim tok i mot minnesteinen på vegne av Vågå kommune og lærar Jakob I. Kleiven takka frå slektningane. Kommunen spanderte middag på Klones for om lag 130 innbedne. Om kvelden tala Einar Hovdhaugen i Kustigholet, som ikkje var nokon Jutulheim enda, men dansegolvet var i bruk.

Da kommunen skulle byggje seg hus, det fyrste kommunehuset, vart det mest praktisk at heile arealet på Matåkeren kom under ei forvaltning, og den smale parkremsa som Historielaget hadde festa fyrst vart da overført til kommunen.

Fremste oppgåva for laget nå var å skaffe tomt og hus til bygdemuseum. Alt i 1950 var det inngått avtale med Erland Berge om kjøp av stugu, eine stabburet og stallen på Sunde. Men tomtespørsmålet var ikkje løyst. Det var fyrst sett på ei tomt nærare prestgarden, på prestgardsjordet. Dette vart nekta. Med tanke på stemneplass, var det truleg at Kustigholet høvde betre. I 1954 vart søknaden om tomt der innvilga. Det var snart på tide. Husa på Sunde skulle få stå der til våren 1956. Da måtte dei rivast. Nå heldt det akkurat til å få frakta dei rett til den nye tomta. Og nå tok Ingvald H. Kleiven fatt for alvor. Når det gjekk såpass fort og greit å flytta dei store husa, er vel han fyrst og fremst å takke. Han mobiliserte og organiserte halve bygda til dugnadsarbeid og gratisarbeid, og med hans store innsikt og praktiske sans, gjekk alt utruleg greit. Til å setta opp att husa hadde dei Pål H. Løkken og Jo Hølmo, og dei treng og å minnast.

21. juli 1957 kunde Jutulheimen offisielt opnast, med tale av museumsdirektør Sigurd Grieg, musikk, sank og takking m.m. Om kvelden tala

Iver Ryen på frilutsena, og der vart det og ein svingom.
Nå hadde historielaget fått sin eigen heim.

Frå denne festen hugsar eg serleg godt Guttorm Sandbo framfor peisen her, som verten i huset, og sjølv sagt Ingvald Kleiven, som hadde nådd sitt store mål. Dei levde ikkje lenge etterpå nokon av dei. Ved årsmøtet i 1963, vart halde minnetale for baa to, Ingvald døydde våren 1960, Guttorm eit år før, våren 1959.

Men i desse årom vart tunet i Jutulheimen stort sett ferdig utforma slik det er nå. Øyastugu vart kjøpt i 1957, og vart flytta i 1958 og innreidd til bruk i 1959. Loftet frå Haugøy var kjøpt i 1958, og fløtt og oppattsett same året. Laget fekk som gåve eit kvernhus frå Olav G. Sandbo og eit grishus frå Nils Valde.

Stallen frå Sunde hadde laget fått hand om samtidig med stugu og stabburet, men Erland Berge hadde bruk for han sjølv ei tid. Da den også vart flytt, vistnok i 1977, var tunet komplett slik det er i dag. Stallen frå Norgard Blessum som vart nytta til overbygg over friluftsen, kom visst alt i 1956 eller 57, og tørstugu frå Ullinsvin som gåve i 1966. Harald Lauvstad sette opp-att stallen frå Sunde, og kvilingsfjos og lyu i Randsverk. Ein aktiv formann i fleire av 50-åra var Olav Råstad, fram til 1963.

Ein god mann for laget i desse årom var også advokat Sylfest Frisvold, som var med i styret i mange år, til dels som formann. Dermed hadde laget sjølveigande jurist, som nok hjelpte godt til med å løyse mange oppgåver. Og ettersom fleire av dei eldre fall frå, kom dyktige nye folk inn og bar laget vidare fram. Men nå tek dette til å bli langt nok, så vi fær ha noko av lags-soga til gode til ein annan gong.



Øyastugu da ho vart rivi på Øy i 1957 eller 1958. Foto: Kjell Andersen.

Ivar Teigum i Bygdebok for Vågå og Sel om etableringa i Prestberget:

Jutulheimen i Kustigholet

Med Anders Sandvig sitt anlegg på Lillehammer, der Ottadalen var sterkt representert, var eit førebilete skapt for synet på kva som var vakkert, ekte og heimleg. Programmet for generasjonen som følgde etter Ivar Kleiven, gjekk ut på å berge kjende og lokale verdiar frå gløymsla.

Med dei nye driftsbygningane på dei større gardane frå tidleg i hundreåret hadde den gamle tunskipnaden vorte borte, prektige stovebygningar frå 1700-talet var i forfall, eller vart oppfatta som gamaldagse og upraktiske. I kunst og litteratur rådde derimot bildet av ei stordomstid på 1700-talet. Vågå Historielag var starta i 1930. Der var mange med av dei som kunne kallast den politiske og kulturelle bygdeeliten. Ei av dei store sakene var å få reist eit bygdemuseum. Hus og tun fanst på Haugøy, på Nordgard Kleppe og på Nettet. Men så kom tilbodet frå Ragnhild og Erland Berge, som hadde vorte eigarar på Sunde. Det galdt den gamle stovebygningen, eit stabbur og ein stall.

Gjennom den populære framstillinga til Ivar Kleiven I gamle Daagaa hadde storstova på Sunde vorte ein del av bygdeidentiteten. Av den mektige sorenskrivaren assessor Henrik Jacobsen Smidt hadde Kleiven skapt ein eventyrfigur som kombinerte den dansk-norske embetsmannstradisjonen og eit stormannsliv i Vågå gjennom fleire generasjonar. Og kanskje var dette den same bygningen, opphaveleg i tre etasjar, som var berga etter jordskred og flaum under Storofsen i 1789. Eit avgjerande møte i Vågå Historielag fann stad i april 1950, det same året som Knut Knutsen sitt vinnarutkast til kommunehus fekk nådestøyten av dei statlege styresmaktene. Tanken som seinare kom opp om å plassere Sundstugu saman med kommunehuset på Matåkeren framfor kyrkja, var å sjå på som ein bergingsaksjon for eit sterkt nedskore prosjekt. Dei fleste i Vågå Historielag hadde sine eigne tankar. Dei hadde kasta augo sine på Kustigholet i Prestberget. Nå var for lengst bilvegen til Øvre Nordherad ferdig. Han gjorde ein sving kring prestgardstunet og framom Jutulporten. Ein sving høgare opp låg sletta innunder berget, der kyrne brukte beite.

Vågå Bygdamuseum Jutulheimen vart opna den 21. juli 1957, ei veke før Vågå kommunehus stod klart til innflytjing. Medan kommunehuset stod



Sundstugu. Foto: Bjørn Aasheim

som ei stor kasse midt på vollen der kornaksa tidlegare kviskra tunge og modne i vinden, hadde Sundstugu fått sin nye plass mellom bjørketre på ei lun slette høgt over bygda. Medan kommunehuset stod som klemt i ei skruestikke mellom pålagd offentleg sparsemd etter krigen og aukande krav til offentlege tenester, var reisinga av Jutulheimen eit resultat av velvilje i bygda, og dugnadsinnsatsen til ei stor mengd einskildpersonar. I ein artikkel i Årbok for Gudbrandsdalen i 1960 peikar Martinus Høgåsen på Ingvald Kleiven som den fremste pådrivaren under arbeidet med å reise bygdemuseet. Han var den mykje omtykte bilveteranen frå tiåra med Ottadalen Kommunale Auto. Med Sundstugu og stabburet frå Sunde i første omgang kunne nå Vågå Historielag få samla alle dei historiske gjenstandane laget hadde fått etter skogforvaltaren i Nord-Gudbrandsdalen, Simen Wolrath, og fleire andre. Og snart kom fleire bygningar, mellom dei ein stall frå Nordgard Blessom, som vart ombyggt til friluftsscene i det nye bygdetunet.

Bygdebok for Vågå og Sel 2007, Band 3, side 214.

Ivar Kleiven: I gamle Daagaa, 1907:

SUNDSTUGU



Stabburet og stugu på Sunde. Foto: Bjørn Aasheim

Sond-Skrivar'n

I nogre og førretjuge Aar va han Jakup Knutsson Skrivar i Nørdre Gullbrandsdale. Han kjøpte Sonde paa Vaagaa og budde der te sin Døyan-Dag; de va ein rik Mann og Bone hans kom se godt fram. Ein 'taa Sy'nom hans vart Prest i Danmark, tvo va Skrivare og va att-aat "Assessorer i Oberhoffretten og Vise-Laugmænd", den fjerde styrde Gardsbrukje aat eine Brøre og va "hans Tjener" baade paa Ting og Kantor. Den eine 'taa desse fire Brørom heitte Hendrik og kalla se Hendrik Jakobsen Smidt; han vart Skrivar paa Vaagaa i 1690; førr ha han i mange Aar styrt Embette for di gamle Far sine. Elles fekk han brev paa Embette ette Fare alt i 1685.

Sond-Skrivar'n "han Hendrik Sonde" som Folk oftast nemnde 'om, va ein go-te-se Kar. Att-aat Skrivar-Embette va han "Assessor udi Oberhoffretten og Vise-Laugmand i Valdres" og i Kvikne og Skaabu kalla døm han stødt Hendrik Lo'mann. Fruga hans heitte Maria Glad og va full 'taa saamaa Ækten som Lo'mann i Upplanndom, han Hans Glad og Presten paa Vaagaa, Kristoffer Eriksøn, som ou kalla se Glad. Ho va Dotter aat Assessor Glad som va gjift me henne Maren Grüner. Han Hendrik Sonde vart snøggst ein rik Mann og bar te aa kjøpe upp Garde baade i Vaagaa og i andre Bygde. Her i Bygden aatte ha Sonde, Haakaasta, Klones og 4 mindre Garde, inn-paa Folldale aatte han ei heil Laan me Garde og naar Leiglenningann hans der i Bygden kom me Uksom, døm ha ale upp aat 'om i Lannskyll, va de ei stor Drivt, kaar Vaar. Og paa Lom, Lesja og Fron



Sunde med stabbur og stall til venstre. Foto: Bjørn Aasheim

ha han Garde og Jord-Eigo, han sette burt; ut-paa Toten aatte han den store Garden Rognsta. Paa Sonde sette han upp ei trihøg Stugu og de va den Ti'e den einaste Stugo i heile Gullbrandsdale me tri Høgde, ho va no namnsport ou, ivi heile Dal'n.

Sond-Skrivar'n skulde vera ein go' Ræv som visste aa fylle Pongen og Folk sa mykje 'taa all di Smorningje, som kom aat Sonde fraa alle Kante, feite Yksne, Bukke, Heste og Vill-Vare. Men Embette sitt røgta han væl og Dommann hans sto se oftast for høgge Rette. Han la go Gjerd paa aa umgaa-ast me Bygdafolk og va ein gjemennle Kar, men Vag-Verinn trudde 'om ikje forr-væl og alle'minnst, naar han va mest go'beine. De va ein stout og stasele Mann, han Hendrik, som ha Vet paa aa leva millom di Store ou, for naar han summe Gongo møtte i Oberhoffrette, kom han i-gjest baade hjaa Stathaldar og Bisp og alle di Store inne i By'n. Difor klædde han se baade fint og dyrt og fylgde Mota paa alle Vis. Naar han kom ri'ande te-tings paa di svarte Danske Merr'n, han ha faatt i Gaave fraa "Visestatholder" Krag, ei polsk Huve me Maarslag, me Sylv-"Hirtsfænger" og sylvslilii "Gehæng", saa ruvde nok han Hendrik i Sale. Og naar ha lydte Messe paa Høgti's-Daagaa'm og kom i gul El'shu'-Brok me 16 Sylvknappe, graa Vest me 34 Filigrans-Knappe, sylv-lista graa Kjol me 23 store, snaaraa Sylvknappe, spansk Paprik og Demant-Ring me 9 Steine paa Fingre, sa gat nok mange paa, at slik Stas ha døm ikje seett sia' Gjyll-Løva foor. Naar han skulde paa Lang-Ferd um Vinter'n, sat han i ein graa Uttapaa-Kjol, fo'ra me

Bjønnskjinn og me 2 Tyl'te støypte Sylvknappe; paa Reiso i Tinglagje gjorde han de me ein gomol graa Klæ'es-Kjol som vav enda einn Gong, og va fo'ra me Maar-Nakke og ha 3 Tylte me Sylvknappe. Han ha 2 sylvsligne Sle'a-Skrin og Kjørkje-Slean hans va maala bron og grøn.

Og Storstugo paa Sonde va sagte ou fin me Bona som va setande! Ein stor Spil paa Veggje me Rame 'taa Ibenholt, kvite Stole me rou't Lær paa, maala og utskaarne Skaap og ei stor Eikje-Kjiste me slikt framifraa Smi, at di beste Smeann i Bygden gjekk der og tok se Mønster 'taa di. Paa Sale sto alt Sylv-Tye, ei heil Ryggje-Børd, og der sto ei Seng me rou't Umheng forr, ”garneret med rødt Taft og dobbelte Kapper samt Plumager af rødt Uldgarn”; tvæ Eikje-Kjisto me uthogne Jønn og onde-lagt Blek.

I Vetl-Kammerse ve Sal'n sto ei stor Kjiste maala rou' og blaa og tvæ Sengje, ei me Umheng 'taa Rask og ei me ”rødt Vattertafts Omhæng med Silkefrynser, bestaaende af 8 Stykker”. Sia' va de Rum etter Rum, alle me Bona 'taa gjildaste Slag: Foutkammerse, Skrivarstugo (Kantore), Skulstugo og i nere Høgden Daglegstugo, Kjøken og Sengjekammers, for de va nie store Rum i di trihøge Stugun paa Sonde.

Fruga hans Hendrik va ei snill og glup Menneskje alle tykte væl um. Døm ha ein Son, heitte Hans Jakup og va fødd 1704; Aare ette fekk døm Tvillinge men baade More og Bone dø trast. Mea' More laag paa sitt Siste, sat han Hendrik fram-me Sengen hennar og best de va kom de naagaa inn-paa Glase og spurde: ”Marie Glad! Vil du vera me?” Ho tordes ikke gjeva naagaa Svar trast for 'om Hendrik Skull, men da de spurde upp-att andre Gongen svaaraa ho: ”Ja!” Trast ette andas ho. I siste Aarom han Hendrik livde, budde han de meste paa Haakaasta, for han treivst be're der hell paa Sonde. I 1719 var han ei Ferd i Valdres paa beste Saamaare, de va ei Lagtings-Sak han ha forr paa Aasta'e. Da han kom att ivi Valdresflye, laag han i Grasviken um Natte, men um Maargaan va han saa laak vorte, at de va me Nø' han heldt se i Sale og de kniptes, at han naadde Sonde me Live. Han dø den 19de Juli 1719. Son hans va berre 14Aar da Far'n dø og Bue kom onde Skifteretten. Paa Sonde og Haakaasta va de 48 Heste, 78 Nout, 124 Saue, 68 Gjeit og 12 Svin; i Folldale 70 Nout i Fødsle. Heile Bue me Loust og Fast vart taksta for 23 449 Riksdale som svaaraa te paa Lag 430



Sundstabburet slik det stod på Sunde. Foto: Bjørn Aasheim.

000 Krono i vore Pening og me Pening-Verdaagaa som no er. Baade han Hendrik Sonde og Fruga laag salva onde Kjørkje-Golve i Vaagaa-Kjorkjun. Fruga laag me eit Baan i kaar Arm og Kjista va saa brei, at døm lout skjera utu for henne i eine Døra-Skjiun i Kjørkje-Dør'n førr døm fekk ho inn.

De ha vore sagt for eit gomolt ord, at de jemnast kjøm ein Øy'ar ette ein Gjøymer og saales kom de te aa gaa paa Sonde. Da Son hans Hendrik vart myndog og fekk Medel'n sin onde Henn, va han eit slikt Øylann, at de ha vore um-taalaa sia' all sin Dag. Fa'bro hans ha styrt Bue ette Far'n dø og han ha gjordt i Pening alt, han berre kunna, paa di 9 Aarom han styrde. De er fortalt, at de va eit lite Kammers paa Sonde som Peningann va i og der sto døm skaa-raa paa Kant ivi heile Golve, saa tett, som døm aatte Rum. Da han Hans Jakup fekk Nyklann aat Pening-Kammerse, gjekk han sta' læste upp Døre og saag inn; "Glæder og fryder eder!" sa han, "her kommer eders Forløser!" Og de va Gut, som ikje va lengje paa løyse døm ut og som fekk Føt onde Rikdommen han Hendrik Sonde ha gjøymt i hop. Han somla og drakk og heldt store Herr-Gjestbo i Einingen; kaar han foor gjekk han me Lummom fulle 'taa Pening og ofte naar han dansa, rosste de Pening ut-ivi Golve. Va de da nugun, som vilde hemte døm upp-att sa han Hans Jakup: "Aa la bare ligge, det er saa passe til Gulvfeieren." Eingong va han me i eit Gjestbo og da ga han Brur'n 700 Riksdale i Skaale; ein a'an Gong ga han burt Pillarvikje for ein god Dugurd. Paa Sonde heldt han 18 Heste, 19 Bikkjo og 3 Kjø og um nogre Aar gjorde han Ende baade paa Peningom og paa Garde og Grunn.

Offsin i 1789

Paa Sonde, den gamle Skrivargard'n han Hendrik Smidt aatte, gjekk alle Huse me og at Folk berga Live, tykte alle va eit stort Guds Onder. Den gamle Føræa's-Mann paa Garde, han Jehans, saag, at Sondstein-Bekken voks saa stygt, at han ottast for, at han kom ta aa øyre av Bekkje-Kvenne deres og saa rusla han sta og vilde sjaa, kaarles de saag ut. Huse sto enda, men da han heldt paa gjekk fram-aat Garde att, hørde han de braakaa saa fælt baka'-for se og da strouk Kvennhuse. I saamaa Stonn brotna de ut ei avraa'e stor Skriu uppi Li'n og stemde beint paa Gard'n; Gamlin saag, at Huse stupte saaner, som den store trihøge Stugo (sjaa: Sond-Skrivar'n), ho sto. Han saag Folke sprang raa'-ville um ein a'an, men Tora slo og Skriunn smala og braakaa, saa han hørde korkje Skrik hell Jammer. Han ba inderle te Gu' der han sto, at Folke maatte vera berga. Nei, da kom ei ny Skriu og han saag den trihøge Stugo seig i hop saa Gov og Gabb sto te-vers; med di saamaa oveta han Jehans og fall aat Maarken saa han visste ikje meir 'taa se paa lengje.

Men heime paa Sonde ha Folke samla se fyst i Gamel-Stugun, men da døm saag Gamlin va burte, vart døm saa orolege at døm gjekk ut paa Gard'n att, allesamen, og tok me se Vogga minste Baane, ho Vetl-Ragnhil, laag og sov i. Mea' døm sto saales, kom Skrio og tok Huse, saa berre den store Stugo sto att, og alle vart saa fraa se 'taa Redd-Aagaa, at døm haatta korkje eitt hellanna. Da va de eitt som ropte, døm trudde helst de va Gamla: "uppaa Høgstuga! Tess nerar Vorherre, tessbe're, han kann enno berge oss!" Og saa tok døm Vogga me se og skonda se uppi treja Høgde, saa svint døm orka alle, nie paa Tale, va døm. Da døm va væl uppaa Stugo komne, kjøm treja Skrio rasande og di store Steinann, som rulla firi Jord-Mokkun, knøsjå i hop baade di nere Høgdinn paa Stugun men øvre Høggde datt ende ne og vart staaande heil og halde paa Toften. Og Folkje bergast forutta naagaa Mein aa kalle, men da døm skulde sjaa te, va Vogga og ho Vetl-Ragnhil burte! Alle ut, reint fraa se sjølve, og te aa leite ette Baane, som døm no tenkte va ne-grave i Skriun. Da fekk døm sjaa Vogga laag flout i Elvebredden i di store Evjun utta Gard'n og i Voggun laag ha Vetl-Ragnhil, heil og oskadd, og sov saa role, som ho skulde liggij paa Fangje aat Mor sine! Vogga hekk millom tvo Timber-Stokke og tett fram-me fann døm ein Grout-Ember som Brur-Krona paa Garde laag gjøymt i; da ho Vetl-Ragnhil sia', som vakse Jente, vart gjift aat Helle, fekk ho Brur-Krona me se me Heima-Fylgden.

Prestberg-Jutul'n

Ivar Kleiven (I gamle Daagaa 1907) skreiv om segna der Blessomen møtte Jutulen, her er berre medteke segna om da Jutulen kasta etter kyrkja:

Trast ogo Prestgard'n paa Vaagaa er de eit Hoggberg, som kallas Prestberge. Staar Ein ne-ve Kjørkja og ser uppi Prestberge, kan ein sjaa mest som Likjend' te ei stor Dør i slette Veggje. De er Jutul-Porten, døm kalla, for i di gamle Ti'om budde de ein Jutul me Kjeringen sine i Prestbergje.

Da Vag-Verinn tok ve den kristne True, den Gongen han Sante-Ola foor igjennom Dal'n, gjekk døm inn paa aa byggje Kjørkje og ho sette døm upp paa Viste i Nordhera'. Men saa tykte Folke i Finntryun og Uppgardom, Sjaardølinn og Lalmingann, at Kjørkja sto saa reint avsi'es te der paa Viste, at døm samdest um aa fløtja ho nedst i Prestgardsjorde, der ho no staa. Detta vart Prestberg-Jutul'n forrtrote paa; Kjørkjeklukkunn maa ikje Jutulle og Bergtrøll lii og utu Klukk-Ljoma lyt døm haa se, um døm lyt fløtja alder saa langt.

Saa va de ein Sondagsmaargaa Kjørkjeklukkunn bar ta aa laate fyste Gongen ne-paa Ha'land og Ljomin lyddest saa klaar og kvell uppi Prestberge. Di tvoug derinne dreiv kaar me sine og ha ikje naagaa slikt i Ventom, Jutul'n sjøl sat maksla paa eit Skaak-Emne og Kjeringje ha nettup tikji ei dugele Smørknoe utu Kjinnun, lagt ho i Smørtrouge og skulde te elte. Me di saamaa fekk døm Klukk-Ljomin i Øyro og da kan de hende, de barst upp me døm! Kjeringje vart saa tvingande sint, at ho senda Smørknoa si ne-over mot Kjørkjun saa de berre kvein og Jutul'n kjørde ette Skaak-Emne saamaa Vegen. Men ikje nugun 'taa døm raaka. Smørknoa rokk ikje heilt fram og Skaak-Emne gjekk baade forhøgt og forlangt; Smørknoa staa like innve Kjørkjebaalken den dag i dag og Skaak-Emne ligg langt sø-paa Vollom. Men gjillt Vyrkje er de i døm baae, saa ha døm raaka, som meint va, ha de nok vorte Ende paa Klukk-Læte, den gongen.

Knut Raastad:

Jutulheimen - Bygdatunet

Vågå Historielag vart stifta i 1929 og fekk etter kvart samla gamle saker og arkiv. Alt på årsmøtet i 1930 tok Kaspar Øvstedal opp spørsmålet om eit Vågåmuseum. I årsmeldinga for 1935 og 1936 vart behovet for hus nemnd: "Et spørsmål som burde vies særlig interesse er å skaffe laget hus, så både samlingen av gamle saker og arkiv kunde opbevares på samme sted på en betryggende måte. Slik som det er nu kan det vanskelig gå lenge, for arkivet burde vært i hvelv, og hvis samlingen blev på et sted med adgang for publikum vilde interessen og samlingen vokse." Sakene vart lagra på eit stabbur på Klones, på sorenskrivarkontoret på Øi og på nigard Sandbu. 1. april 1940 vart det vald ei nemnd til å arbeide for å skaffe historielaget eige hus. I 1941 eller ettervinteren 1942 vende husnemnda seg til Ola Sunde med spørsmål om han ville selja den gamle stugu på Sunde. Reisten av krigen ser det ut til at alt arbeidet i historielaget låg nede, fyrst i 1948 nemner møteprotokollen noko om husspørsmålet att. Da var det aktuelt å kjøpe ein låve frå Sygard Kleppe og å få tak i tomt til museum. Historielaget tykt at prisen vart for høg.

Så den 8. mars 1950 vart det gjordt vedtak om å spørja Erland Berge om han kunne selja stugu på Sunde. Historielaget fekk da tilbod om både stugu, stabbur og stall. Årsmøtet i historielaget 4. april 1950 påla styret å søkje om å få tak i tomt ved Prestgarden, men denne tomta vart nekta av departementet.

Vinnarutkastet til kommunehus i Vågå vart framlagt av arkitekt Knut Knutsen i 1947, dette skulle innehalde både nødvendige kontor og ein kulturdel med bibliotek, folkebad, fest- og kinosal og utandørs amfi. Prosjektet vart kalla bygdatunet, men av m.a. økonomiske årsaker vart det bygd berre kontorbygg. Andre funksjonar kom m.a. i samfunnshusa. Da det vart aktuelt for Vågå Historielag å få tak i Sundstugu, vart det arbeidd med å plassere dette på Matåkeren ved sidan av kommunehuset i samsvar med planane om bygdatun.

Men også ein annan plass var aktuell. Alt før krigen var det bondestemne i Kustigholet i Prestberget, og fredsvåren 1945 gjekk det opptog som enda med fest der.

Jutulheimen

Hausten 1956 vart det vedteke at bygdatunet i Kustigholet skulle få namnet Jutulheimen. Fyrste huset som kom opp var ei gammal tørrstugu frå Nigard Sandbu som i 1955 vart sett opp over kummen til Vågåmo vassverk. Huset var ei gåve frå Kjell Holm. Frå Olav Gjesling Sandbu kom det eit gammalt kvernhus som i 1956 vart oppsett innanfor vegen. Stabburet frå Sunde vart oppsett hausten 1956. Sundstugu kom opp 1955 og 1956. I SEFRAK-registreringa som vart gjort sist på 1970-talet er stabburet og stugu sett opp til å vera frå siste fjordedel av 1700-talet, for stugu er det i parantes oppgjeve 1791. Dette kan da stemme med restaurering og ombygging etter ofsen.

Våren 1957 vart den gamle stallen på nordgard Blessom kjøpt og oppsett i Jutulheimen som friluftscene. Da ho var så nokonlunde i stand vart det halde opningsstemne for bygdatunet den 21. juli 1957. Men alt året før var det fest på det nye dansargolvet.

Den gamle stugu på Øy vart kjøpt i 1957 og sett opp i 1958, heilt ferdig vart ikkje stugu før i 1961. I SEFRAK-registreringa er denne datert til 1600-talet. Eit stabbur på Haugøy frå 1800-talet vart kjøpt og flytta til Jutulheimen i 1958. Det var Paul H Løkken og Jo Hølmo som gjorde alt timbermanns- og snikker-arbeid i desse åra.

Historielaget fekk eit purkehus frå sygard Valde og dette vart sett opp innanfor vegen i 1964, huset kan vera frå 1700-talet. Tørrstugu frå 1700-talet fekk historielaget tilbod om å overta vederlagsfritt frå Prestgarden i 1966, ho vart oppsett i 1969.

Stallen frå Sunde vart i 1976 oppsett og etter kvart istandsett med skåle og toalett. Utstillingsrom på stallstrevet vart teke i bruk i 1984, før dette stod mykje av desse samlingane i stabbura. Saltbu frå Søre Bu vart oppsett som smiu i 1983-84, og er det siste huset som kom opp i Jutulheimen.

Vågå kommune, Eidefoss og Langmorkje almenning gav store bidrag til oppføringa av Jutulheimen, men mange andre ga også tenester, varer og



Frå stemne på utescena på 1960-talet. Foto: Kjell Andersen.

kontantar. I denne tida vart det og gjeve mykje innbu og saker til museet. Som nemnd av Kristian Sveen hadde det tidleg vore store testamentariske gåver av antikvitetsamlingar i tillegg til gåver av enkeltgjenstandar. I seinare år har relieffa etter bilethauggaren Jo Visdal og felemakarverkstaden etter Ola Eide vore store gåver til Jutulheimen. Ellers har det også vore kjøp av saker som har spesiell antikvarisk interesse, slik som Sæterdalsskåpet frå sygard Kleppe som vart skaffa i 1933.

I 1961 da Øyastugu var i stand med bustad i andre etasje, vart Harald Plassen tilsett som vaktmester og flytte inn. Frå da vart Jutulheimen utleid til bryllaup, konfirmasjon o. l. Gunhild og Sigurd Grevrusten var vaktmesterar 1965 - 1973. Etter desse var Marie Rindal vaktmester 1973-1974 og

Gerd Flobakk 1974-1977. Elin og Pål Grev var vaktmesterar 1977-1984, og Gro og Terje Kolstad 1985-1992. Anne Marie Laingen var vaktmester 1993-1999, og Torun Kveen 1999-2002; 2002-2003 var Roger Skogum vaktmester. Ei tid budde det ikkje vaktmester i Jutulheimen, men Gunhild og Håkon Ulsand tok seg av utleie og stell. Frå 2006 er det Camilla Åsen og Egil Kveen som er vaktmesterar.

Frå 1974 fekk Jutulheimen status som halvoffentleg museum med fast løyving frå stat og fylke. Jutulheimen var med i Samnemnda for musea i Oppland. Frå 1988 vart stilling som distriktskonservator oppretta og året etter vart det handverkar, båe desse stillingane var felles for bygdamusa både i Lom, Lesja og Vågå. Samnemnda for musea i Nord-Gudbrandsdal vart oppretta i 1989, men Vågå Historielag hadde arbeidsgjevaransvaret dei fyrste åra. Jehans Storvik var distriktskonservator mykje av tida denne stillinga fanst, og Ola Stadeløkken var tilsett i handverkarstillinga.

Frå 1.1.2003 vart Museet i Nord-Gudbrandsdal MiNG oppretta som driftsorganisasjon for musea. Det vart ikkje lenger utbetalt tilskot til museumsdrift til eigaren Vågå Historielag, men likevel har historielaget hatt driftskostnadene for anlegget. Når MiNG har vist svært liten aktivitet for Jutulheimen, har dette vore ei vanskeleg tid.

Styret i Vågå Historielaget har også vore styre for Jutulheimen. Dei 50 åra Jutulheimen har eksistert er det to namn som går att med spesielt lang fartstid i styret. Trygve Håkenstad var i styret i 25 år, av dette 15 år som formann. Også Erland Grev var styremedlem i 25 år, 12 år som formann. Før dette var Olav Råstad formann i 8 år fram til 1963. Jakob J Sandbu var med i styret mykje av tida frå starten i 1929 og fram til 1963, i fleire perioder til saman ca. 13 år var han formann. Andre som var formann i stuttare perioder i den tidlege tida for historielaget var Anders Skrede, Simen Wolrath, Kaspar Øvstedal, Ivar Sjøstad og Guttorm G. Sandbu. På 1990-talet var Eirik Haugen, Rolv Fritsvold, Leif Løchen, Ivar Aasgaard og Sverre Damstuen formenn i historielaget. 1999 - 2007 har Georg Gjevre vore formann.

Kjelder: Møteprotokollane for Vågå Historielag

Jotul-Biærg

Edvard Storm 1775, H. F. Hiorthøy 1785 (Beskrivelse over Guldbrandsdalen Provstie) og P. Chr. Asbjørnsen 1851 brukar namnet Jutulsberget om det vi i dag kallar Prestberga. Gerhard Schøning skriv slik i "Reise gjennem Gudbrandsdalen 1775":

Strax oven for, og i S. V. fra Præstegaarden, ligger foromtalte store Biærg eller Biærg Strækning, Jotul-Biærg kaldet. Ved dets østre Siide eller Ende, som vender du mod Vaage Kirke, er en meget steil og brat liige lodret opstaaende Hammer eller Biærg Siide, næsten saa jævn, som den var afglattet, med et Hugge-Jærn, uden om hvilken fremstikker en Kant af Biærg, der giver bemeldte Biærgets glatte Siide, Skikkelse af en Port, hvilken det fuldkommen liigner, især naar man er et Støkke fra Biærg, og nærmer sig det, fra den Østre Kant; hvoraf man har taget Anledning til at kalde dette Sted Jotul-Dørra, og at fortælle derom endeel Fabler.

Man beretter, at en Jotul har beboet dette Biærg, eller endnu boer derinde, indenfor bemeldte Port, og at han, da Kirke her blev bygget, søgte at kuldkaste den, til hvilken Ende han kastede did hen adskillige store Steene, Steene som 4 Heste neppe kunne slæbe afsted, men som han ingensinde kunde faae til at falde inden for den indviede Kirkegaard, uden for hvilken bemeldte Steene endnu sees, 5 til 600 Skridt, fra Biærg; hvorover han endelig blev kied af det Arbeide.

I Betragtning, saavel af dette mærkværdige Biærg, som af dets Navn, og den her giængse Beretning, at Vaage er bleven beboet fra Dofre af, troer jeg ellers, at enten ingensteds, eller paa bemeldte Biærg, oven paa hvilket adskillige Gaarde endnu ligge, maa den i vore gamle Historier bekiændte Kjæmpe, Jotul eller Kong Dofre have boet, ei inde i Biærg, det har man saa sagt, saa troet, eller saa digtet, for at pynte paa Historien, men enten ovenpaa, eller tæt under for omtalte Biærg Haller, som han mulig har brukt til et Slags Værn eller et Tilflugts Sted. Mueligt har Dofre ogsaa havt saadan et Tilflugts Sted, eller en Boepæl, paa foromtalte Jette-Fiæld, og dette, eller hans idelige Reiser der over, mellem Dofre og Vaage, givet Anledning til bemeldte Navn.



Jutulporten 1958. Foto: Kjell Andersen

Tæt uden og Vesten for Kirkegaarden, paa Vaage, staae 2de, nu smaae Bautasteine, men som uden Tvil have tilforn været meget høiere og større. I Kantene paa disse Steene har man dannet Huller, uden Tvil i de seenere Tiider, for deri at fastbinde Heste; og ved Siiden af dem staaer en stor rundaktig Kampesteen. Disse ere af de Steene, som man beretter, at bemeldte Jotul har kastet mod Kirken.

Jutulen og Johannes Blessom

Over Våge prestegård hever det seg en furukronet ås eller et lite berg med kløfter og steile vegger. Det er Jutulsberget, som Storm har viet en sang. Ved et spill av naturen viser det seg en port i en av bergets glatte vegger. Står man på broen over den viltre Finna eller på engene på den andre siden, og ser denne porten over hengebjerkenes svevende girlander og yppige løvverk og tar innbilningskraften en smule til hjelp, former den seg til en dobbeltport, oventil forenet ved en gotisk spissbue. Gamle hvitstammede bjerker står som søyler på begge sider; men deres høye topper når ikke til buens begynnelse, og gikk porten bare en kirkelengde inn, kunne Våge kirke stå under spissbuen med tak og tårn. Det er ikke noen alminnelig dør eller port. Det er inngangen til jutulens palass. Set er "Jutulsporten", en uhyre portal, som det største troll med femten hoder makelig kan gå igjennom uten å bøye nakken. Når noen i gamle dager, da det var mer samkvem mellom mennesker og troll, ville låne hos jutulen, eller tale med ham i andre forretninger, var det skikk å kaste en sten i porten og si "Læt opp, jutul!"

For et par år siden kom jeg en eftermiddag til prestegården for å avlegge et besøk. Familien var på seteren; der var ingen hjemme uten en gammel døl, som på min anmodning fulgte meg opp til Jutulsporten. Vi banket på, men der kom ingen og lukket opp. Det undret meg heller ikkje at jutulen ikke ville motta oss, eller at han nu på sine gamle dager så sjelden gir audiens; for tør man dømme efter de mangfoldige spor av stenkast i porten har han vært overmåte besværet med besøk.

"En av de siste, som såg han," fortalte min ledsager, "det var Johannes Sørigarden fra Blessom, nabogarden til prestegården. Men han ønsket visst han aldri hadde sett 'n," føyde han til.

"Denne Johannes Blessom, var nede i København og skulle ha rett på en prosess, for her i landet var det ingen rett å få ved de tider; og når en ville ha rett, var der inga anna råd enn å reise derved. Det hadde Blessommen gjort, og det gjorde sønnen hans etter han også, for han hadde òg en prosess. Så var det juleftan, Johannes hadde snakka med storkarene og gjort fra seg, og han gikk på gata og var stur, for han var hoga heim.

Rettsom han gikk, strauk der forbi en vågeværing i kvit kofte med taske-lokk og knapper som sølvdalere. Det var en stor, svær mann. Han syntes han skulle kjenne han òg, men han gikk så fort.

”Du går fort du,” sa Johannes. ”Ja, jeg får nok skynde meg,” svarte mannen, ”for jeg skal til Vågå i kveld.” ”Ja, gi' jeg kunne komme dit jeg også,” sa han Johannes. ”Du kan få stå på med meg,” sa mannen, ”for jeg har en hest som trør tolv trin i mila.”

De reiste, og Blessommen hadde nok med å holde seg på meiene, for det gikk gjennom vær og vind, så han hverken kunne se himmel eller jord.

Ensteds var de nede og kvilte. Hvor det var, kunne han ikke skjønne, før med det samme de satte av sted igjen, og han syntes han så et dødningehue på en stake der. Da de var kommet et stykke på vegen, begynte Johannes Blessom å fryse.

”Uff, jeg glømte igjen den ene votten min, der vi kvilte; nå fryser jeg på neven,” sa han. ”Du lyt tåle det, Blessomen,” sa mannen, ”for nå er det ikke langt att til Vågå, og der vi kvilte var halvvegs.”

Før de kom til Finnebrua, stanset mannen ved Sandbuvollen og satte han Johannes av. ”Nå har du ikke langt heim,” sa han, ”og nå skal du love meg det at du ikke ser deg tilbake, om du hører noen dur eller ser noe lysskinn.”

Det lovt Johannes og takka for skyssen. Mannen kjørte sin veg over Finnebrua, og Johannes tok oppover bakken til Blessomgardene. Men rett som det var, hørte han en dur i Jutulsberget, og med ett blei det så lyst på vegen foran han, at han syntes han kunne ha sett å ta opp ei nål. Han kom ikke i hug det han hadde lovt, men dreide på hue og skulle se hva det var. Da sto Jutulsporten på vid vegg, og det skinte og lyste ut gjennom den som av mange tusen lys. Midt i åpningen så han jutulen, og det var mannen han hadde stått på med. Men fra den tid satt hue på skakke på Johannes Blessom, og såleis var han så lenge han levde.”

Gudbrandsdølen 4.7.1938:

Bondestevnet i Vågå i går.

1200 mennesker samlet foran Jutulens port.

Vågå var på sitt aller vakreste i går, da bondestevnet blev holdt. Solen skinner over den fagre bygd, hvor vannet blinket og snefonnene i fjellene skinte like hvitt som linet i kvinnes skaut. Da gudstjenesten begynte var det allerede folksomt i Vågåmo og kirken blev hurtig overfylt. Kst. Sogneprest Kvaale forrettet og talte om å være en god hyrde.

Da gudstjenesten var endt drog stevnedeltagerne i tog op til festplassen med musikken i spissen. Forrest valet Norges flagg og de grønne bannere og det gyldne nek. Kretsbanneret bar Ivar Lo. Kvinnernes Vågådrakt gav toget farve.

På stevneplassen - Prestberget - som ligger høit og fritt med vidt utsyn like ved der hvor Blesomen hadde sine opplevelser med jutulen, var der reist et telt mellom bjerkene. Her var det talerstol med høitaler.

Da toget svinget inn og festlyden hadde funnet sine plasser åpnet stevnekomiteen formann Helge Sandbu stevnet fra den flaggprydede talerstol, hvor flaggborgen var ordnet bak og på siden. Anna Alms komposisjon "Bønderne kommer", spillet av Vågå musikkforening, klang så ut i sommerdagen.

Sandbu leste derefter den morsomme prologen som var skrevet for anledningen:

Vågå står i dag i festkledd bunad
for å taka imot folk frå vidt omkring.
Ved "Jutulporten" har vi sett stemna.
Her har det fyrr henda store ting.
Jutulgamlen, har nugun sett'n tru?
Å jau, det trur eg døkk ha gjort.
Det er ein stor, gånål og ein førlagd gubbe
som minna mykje um ein måsågrodd stubbe.

I dag har han fremond,
hain er vert på slottet.
Dørin er uppe, gakk åv inn.
Sjølv er han stasleg der han går i halle',
pynta og flidd som det høver for verte'.
Han drikk skål for "dølom",
prata um gåmålt, ber velkome inn.
Snart tusen år er gått sidan her var gjester.
Det var da kong Olav i Vågå heldt ting.
Da var ikkje Jutulen tyleg å treffe,
Hain slo att portain, ikkje ei sjel kom inn.

Da kyrkjeklukkun fyrste gongen sette i å kime,
vart nok jutulen arg og eitrande sint.
Ein sleda han nettup heldt på å smie,
den kasta han etter kyrkjun, men den fór tilsie.
Eine skåkje ligg enda ått langt sørpå voillom,
der kain dykk sjå ho seinare i dag,
det er noko til lyftan sjølv for ein fullvaksin kar.

Men jutulkjerringe var hellan ikkje mindre,
ho heldt på med kinning da låten kom inn.
Da slengde ho smørknoa i kavende sinne,
og den ligg ved bolken når dykk i kyrkja skal inn.

Benksam var jutulen mot folk frå bygden,
når døm treffe på møle og 'n såg at det kneip.
Alle har vel høyrst sagne um 'n Jehans uppå Blessom,
julkvelden i Kjøbenhavn, 'n sku heimat til kvelds,
'n treffe Jutulen i gatun med 'n gjeck der og dreiv.
Han bad 'n å hengje på, da han skulde sāmå veigen lell.
'N Jehans tok imot og takka, og nådde heimat til kvelds.
Slik skyss var det sjelda å få den tie,
sjølv um ein døl kom heimat frå bye.

Men ti'en har skifta og skikkain er umlågå,
so no treng ingen på skyssen å klågå.
Og det er med glede oss ser i våre dågå
at vegen ikkje er lenger enn at aille kjøm hit ått Vågå.
Det gleder oss å sjå dykk her alle saman.
Festen skal vårå til langt på kvelden.
"Prestbergstemne" skal binde dølain sterkare saman,
det vona oss i dag!
Gjer aille det døkk kainn.

Edvard Storm 1775:

Erlands Ode til Jutuls Bierget

Saa sang og du min Ragnhild for mig før,
Naar i min Arm paa dette Bierg du hvilte,
Og Jutul gløtted ved sin Dør
At see hvordan Naturens Datter smilte.
O kiere Bierg, o lykkelige Dage!
Mon I ei komme meer, mon aldrig meer tilbage?

Jeg setter dig, og min Siel omfavner dig
Blant disse Buske, hvor vi fordum vanked,
Hvor Ragnhild, du saa tit med mig
Paa purpurklædte Jord den sure tyting sanked;
Der irrer du, og sukker, græder, haaber,
Og Erland! Erland! Med afmægtig Stemme raaber.

Ola Grøsland:

JUTULEN

Segnene om jutulen og Jutulporten er svært kjende, og dei var av dei P Chr Asbjørnsen samla og gav ut i "Huldre-Eventyr" fyrst i 1840-åra. Ivar Kleiven hadde òg med segnene i "Segner fraa Vaagaa", og seinare i "I gamle Daagaa". Jutulen i Prestberget er fyrste gongen omtala i Gerhard Schønings "Reise gjennom den nordlige Gudbrandsdalen i Aaret 1775". Der blir segna om da jutulen kasta etter kyrkjeklokkene referert.

I ymse variantar er segna om "Prestbergjutulen og Blessomen" både vide kjend og gammal. Utanom Noreg finn vi henne i Sverige, Danmark og Tyskland knytt til andre stader og personar, og vi har sidestykke til segna frå mellom- alderen med både heiden og kristeleg tilknytning. Det er typisk for folkedikting som både eventyr og segner at det er vandremotiv.

Det vil seia at skjelettet av segna er vidare utbreidd, men at ho får ei lokal utforming ut frå miljø og personar.

I nedskrifta til P Chr Asbjørnsen er jutulen framstilt slik: "Rett som han (Jehans Blessom) gikk, strauk det forbi en vågeværing i kvit kofte med taskelokk og knapper som sølvdalere. Det var en stor, svær mann. Han syntes han skulle kjenne han òg, men han gikk så fort". I "I gamle Daagaa" omtalar Ivar Kleiven jutulen på denne måten: " - fekk han sjaa att-i ein Norddøl fram-i Gatun", altså som ein vanleg mann. Jutulen var såleis ein typisk underjordisk, med utsjånad som folk, men med overnaturlige evner, både i styrke og i evna til å kjøre fort med hest og slede.

Ordet jutul og jøtul, på svensk jätte, dansk jætte, er det same som jotun i norrøn mytologi. Etter gudesegnene budde jøtnane i Jotunheimen og låg i strid med gudar og menneske. Dei hadde kongsgardar, var store, sterke og kloke. Det var hos dei Odin stal skaldemjøden. Ordet har nok samanheng med verbet eta, altså nærmast ein storetar.

Kjelder: Ivar Kleiven "I gamle Daagaa",
Asbjørnsen og Moe: Norske Folkeeventyr
Norsk folkedikting. Samlaget.
Norsk Alkunnebok

Johan Sebastian Welhaven: Nyere Digte, 1845 (heile diktet er på 48 vers):

JUTULSBJERGET

Hr. Havard Staur, en Ridder bold,
lod Støvet falde paa sit Skjold,
og gikk i Elskovsgriller;
han var ei med, hvor Hornet klang,
han valgte helst en ensom Gang
blant blide Fugletriller.

Han var et Skud af Gæslings Æt,
og paa hans Skjold var ingen Plet,
hans Hjelm var altid aaben;
han ligned fast en Lilievand,
men Ingen kunde dog som han
haandtere sine Vaaben.

Han eied nok af Gods og Grund,
han havde paa sin Kistebund
Klenoder mengelunde;
hans Faderbuur, hans Høiloftssal
kom i den ganske Gudbrandsdal
med Priis paa Alles Munde.

I Vaage viser man et Fjeld,
som lignes ved et lukt Kastell,
der er af Trolddom værget.
Dets Fod er skjult av Skov og Krat,
dets Væg er graalig, steil og glat;
det kaldes Jutulsbjerget.

Og over Skov og grønklædt Li,
hvor Borgens Muur er jevn og fri,
dens Dobbeltport man skuer.
Der skyder Birken kraftigt op
og hæver sig med glansfuld Top
mod Portens høie Buer.

Men Aaret rundt er Porten stængt,
og Hellig Olaf holder strængt
det Ban, han har besværges.
Saa underbart er dette Fjeld,
som lignes ved et lukt Kastell
og kaldes Jutulsbjerget.

Hver Vandringsmand i Vaages Dal
henstirrer paa det graae Portal,
hvorunder Birken bæver.
Den dunkle Trylleverdens Gru
neddaler over Folkets Hu,
hvor dette Fjeld seg hæver.

Om Havard Staur har Sagnet sagt,
at da han kom fra Børnejagt
en Jonsokskveld alene,
sank han i Blund paa Blomster smaa,
hvor Jutulsbjergets Lunde staae,
blant mørke Jettestene.

De rige Birkekroners Duft
Blev baaren da i lummer Luft
vidt over Krat og Enge,
og Otta-Elvens Nøkke drog
i Sommernatten hen og slog
de dybe Sølvstrænge.

Hvergang en ridder, kjæk og øm,
blev jaget af sin Elskovsdrøm
til Dyst i aaben Skranke,
trak sig en Spot om Havards Mund,
og Jutulsbjergets Birkelund
stod atter for hans Tanke.